


Tiltaksplan Vestnorsk Fjordlandskap

kulturlandskapet



Aurland kommune



Vestnorsk
fjordlandskap



Dei sameinte nasjonane
sin organisasjon for
utdanning, vitenskap og kultur



Vestnorsk
fjordlandskap



Stranda kommune

juni 2022

Framsidefoto 1: Geiter frå Borgen gard, Bakka. Foto: Magnhild Aspevik

Framsidefoto 2: Møllsbygga. Foto: Merete Rønneberg

Innhald

| | |
|--|-----------|
| Samandrag og tilbakeblikk | 9 |
| 1. Arealbidraget..... | 10 |
| 3. Kulturbidraget..... | 10 |
| 4. Investeringsbidraget..... | 10 |
| 1 Innleiing..... | 14 |
| 2 Metode og gjennomføring..... | 15 |
| 2.1 Forvaltning | 15 |
| 2.2 Mandat | 15 |
| 2.3 Metode | 16 |
| 2.4 Gjennomføring | 16 |
| 2.5 Høyring | 16 |
| 3 Tilstandsrapport - landbruket i Vestnorsk Fjordlandskap | 17 |
| 3.1 Utviklingstrekk..... | 17 |
| 3.2 Tilstandsrapport Nærøyfjorden | 18 |
| 3.3 Tilstandsrapport Geirangerfjorden..... | 25 |
| 4 Økonomiske verkemiddel for landbruket i Verdsarvområdet..... | 35 |
| 5 Tilskot til tiltak i verdsarvområde 2008-2021..... | 38 |
| 5.1 Løyvde midlar delområde Nærøyfjorden..... | 39 |
| 5.2 Løyvde midlar, delområde Geirangerfjorden..... | 39 |
| 5.3 Samla løyving | 40 |
| 6. Samanfatning av brukarundersøkinga | 40 |
| 6.1 Eksisterande ordningar – del 1 | 40 |
| 6.2 Forslag til nye tiltak i verdsarvområde – del 2 | 44 |
| 7 Mål for landbruket i Vestnorsk Fjordlandskap..... | 48 |
| 7.1 Samarbeid og samhandlingsarena..... | 49 |
| 7.2 Skjøtselsplanar..... | 49 |
| 8. Økonomiske konsekvensar av eksisterande og nye tiltak..... | 50 |
| 8.1 Agri Analyse-rapporten | 50 |
| 8.2 Telemarksforsking..... | 53 |

| | |
|--|-----------|
| 8.3 Konklusjon - gjennomføring og økonomisk grunnlag..... | 54 |
| 8.4 Nye økonomiske verkemiddel | 54 |
| 9. Framtida til verdsarvlandbruket - budsjett | 56 |
| Bibliografi..... | 59 |

Forord


Aurland kommune og Stranda kommune har etter oppdrag frå Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap utarbeidd ny *Tiltaksplan for Vestnorsk Fjordlandskap*. Den nye planen har teke utgangspunkt i tidlegare plan utarbeidd av Frøysa i 2007. Verdsarvrådet var heilt sentrale i utarbeiding av planen i 2007. Det var og leiarskapet i Verdsarvrådet, som fekk på plass den unike ordninga for verdsarvlandbruket som vart gjeldande frå 2008. Forvaltning av midlane med denne ordninga er no lagt til kommunane Stranda og Aurland.

I utarbeiding av den nye planen, har prosjektmedarbeidarane hatt tett samarbeid med bønder og grunneigarar i delområda Nærøyfjorden og Geirangerfjorden, statsforvaltaren i Vestland, statsforvaltaren i Møre og Romsdal og sekretariatet til verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap. Tiltaksplanen er godkjend i kommunestyra i Aurland kommune (sak 022/22 16.6.) og Stranda kommune (sak 047/22 15.6)


Prosjektgruppa vil takke verdsarvbøndene og alle andre bidragsytarar og samarbeidspartar i prosjektet.


Aurland, juni 2022

Stranda, juni 2022




Figur 1. Vestnorsk Fjordlandskap, delområde Nærøysfjorden. Kjelde: Fylkesatlas. Kartmarkeringar: Magnhild Aspevik





Figur 2. Vestnorsk Fjordlandskap, delområde Geirangerfjorden. Kjelde; Fylkesatlas. Kartmarkeringar: Magnhild Aspevik



Samandrag og tilbakeblikk

Natur og kulturlandskap

Vekslinga mellom natur- og kulturlandskapet og opplevinga av samspelet mellom menneske og natur i tid og rom gjev landskapet i Vestnorsk Fjordlandskap særpreg og gjer det opplevingsrikt og attraktivt. Verdsarven sitt kulturlandskap er skapt gjennom bøndene si utnytting av naturressursane gjennom generasjonar, i stor grad foredla gjennom husdyrhald. Naturtilhøva i verdsarvområdet er lite eigna til moderande, volumbasert og kostnadseffektivt husdyrhald. Beitedyr og aktive bønder er avgjerande for å ha eit levande jordbrukslandskap her.

For å hindre nedlegging av gardsbruk og attgroing av det gamle jordbrukslandskapet er det naudsynt å sikre ein berekraftig økonomi for bøndene. Verdsarvmidlane er eit bidrag som skal sørge for å oppretthalde eit aktivt småskala-landbruk i verdsarvområdet. Dette kjem òg no tydeleg fram i formålet til *Forskrift om tilskudd til verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap* (Lovdata, 2020), som er: «*Formålet med tilskudd til tiltak i verdensarvområder er å styrke landbruket i verdensarvområdene* (Landbruks- og matdepartementet, Klima- og miljødepartementet, 2019)»

Kva må gjerast for å nå målsettinga for landbruket i verdsarvområdet:

- Skjøtte jordbrukslandskapet med slått og beiting
- Nytte eldre tradisjonelle driftsmetodar og bruke moderne utstyr der dette let seg kombinere
- Ta vare på biologisk mangfald og kulturminne
- Oppretthalde eit småskala husdyrhald, som tek meir omsyn til miljøet
- Legge til rette for opplevingar, og utvikle gode reiselivsprodukt
- Tilby lokalt foredla matvarer og kortreist mat
- Skape grunnlag for heilårsbusetnad
- Ta vare på og formidle kunnskap om natur, kultur og driftsmåtar

Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda 2007

I Tiltaksplan for kulturlandskap i verdsarvområda frå 2007 vart det sett mål for landbruket og kulturlandskapet i verdsarvområdet. For å legge til rette for at bøndene skulle halde landskapet opent, arealet og kulturen ved like og sikre biologisk mangfald, kom det på plass ei økonomisk tiltakspakke i 2008. Etter dette har Vestnorsk Fjordlandskap fått årlege tildelingar over Landbrukets utviklingsfond (LUF) og frå Klima- og miljødepartementet. For å målrette dei økonomiske bidraga har desse fram til no blitt tildelt i tråd med tiltaksplanen frå 2007, gjennom fire ordningar:

1. **Arealbidraget** skal gjere det økonomisk interessant å skjøtte alle prioriterte kulturareal i samsvar med dei reglane for skjøtsel som blir utarbeidde. I sør-området er det i stor grad utarbeidd *skjøtelsesplanar* for alle bruk. Dette er berre unntaksvis gjort for nord-området, noko som no vet vurdert å gjennomføre.
2. **Beitebidraget** skal sikre nok beitedyr til å kunne ta vare på dei viktigaste kulturlandskapsområda.

Gjennom dei åra tilskotsordninga til landbruket i verdsarvområde har eksistert, har det etter kvart oppstått ein diskusjon om kor vidt dei som har driftssenteret innanfor eller utanfor verdsarvområdet skal få same sats for denne innsatsen. Det er argument både for og imot ei omlegging til likebehandling av desse søkjarane, og det er viktig at denne avklaringa vert gjort.

3. **Kulturbidraget** skulle i tråd med tiltaksplanen frå 2007 gjere det økonomisk interessant å ta vare på samfunnsverdiar som er viktige for heilskapen og mangfaldet i kulturlandskapet, og omfatte:
 - Restaurering og vedlikehald av bygningar som t.d. kvernhus, utløer og gardfjøsar
 - Restaurering av viktige kulturlandskapselement som t.d. steingardar og bakkemurar
 - Restaurering og vedlikehald av ferdsselsårer
 - Spesiell skjøtsel for å ivareta biologisk mangfald og truga arter
 - Spesiell drift for å vise historiske driftsmåtar, ved t.d. å ta vare på styvingstre og frukthagar
 - Skogrydding for å opne opp att viktige kulturareal, kulturelement og utsikt
4. **Investeringsbidraget** skal gje økonomisk grunnlag for langsiktige investeringar i driftsbygningar, og innrettast slik at ein oppnår andre viktige mål for verdsarvområda knytt til byggeskikk, bruksstruktur og fast busetnad. Erfaringa etter innføring av verdsarvmidlane viser at den økonomiske ramma for denne delen av ordninga har vore altfor liten til å utgjere ein reell skilnad. Utan auka totalramme for verdsarvmidlar frå nasjonale mynde, vil ønske om auka støtte til årleg drift dessutan føre til lågare ramme for investeringstiltak.

Framlegg frå Agri Analyse-rapporten

I 2019 vart det etter initiativ frå dåverande leiar i verneområdestyre for Geiranger-Herdalen, Arne Sandnes, utarbeidd ein rapport av Agri Analyse der oppdraget var å analysere korleis jordbruket i den nordre delen av Vestnorsk Fjordlandskap, utviklar seg, og kome med forslag til kva som skal til for å sikre verneformålet i framtida.

Rapporten frå Agri Analyse (Smedshaug, et al., 2019) argumenter for :

- At fellesgodeproduksjon i form av kulturlandskap og biologisk mangfald bør få ein meir sentral plass i arbeidet framfor matproduksjon målt i volum
- Å styrke satsane på areal- og beitebidraga, med prioritering av fellesgodeproduksjon
- Rapporten rådde i utgangspunktet til å halde på differensieringa i satsar mellom bøndene innanfor verdsarvområde (VA-område) og buffersonene

Til siste kulepunkt skal det nemnast at Agri Analyse etter ei oppmoding frå styringsgruppa om å vurdere konsekvensar av likt tillegg uavhengig av plassering av drifssenter laga ei tilleggsutgreiing. I den endelege rapporten er dette lagt inn som eit vedlegg (nr. 4) der desse konsekvensane er gjort meir greie for – både dei positive og dei negative. Men rapporten set som føresetnad for å innføre like satsar at totalramma vert auka. Når vi i tiltaksplanen konkluderer med at ein skal halde på differensiering er det nettopp med dette utgangspunktet, dvs. at det så langt ikkje er kome auka rammer og heller ikkje gitt signal om slik endring.

Konklusjonane i denne rapporten bør leggjast til grunn for vidareutviklinga av politikken for dei to delområda. Dette vil krevje økonomiske verkemiddel frå fleire departement. Landbruks- og matdepartementet (LMD) og Kommunal og distriktsdepartementet (KDD), er dei som førebels finansierer dagens ordningar. Klima- og miljødepartementet (KLD) med tilknytninga til reiselivet og Kunnskapsdepartementet (KD) med tilknytninga til kulturverdiane er også naturlege partnarar. Dei er førebels ikkje med på denne satsinga for å ta vare på landbruket i Vestnorsk Fjordlandskap.

Agri Analyse-rapporten legg i tillegg fram forslag til ei rekke *nye* tiltak og verkemiddel:

- Etablerarstipend for nye brukarar
- Eigedomsoverdraging – sal av landbrukseigedommar
- Rekruttering – utleige av landbrukseigedommar
- Beitering
- Felles gjetarordning
- Miljøbidrag

Innføring av desse nye tilskotsordningane, har ein stipulert samla kostnad på om lag 10 millionar kr årleg for begge delområda. Det er ikkje økonomisk ramme til å introdusere desse tiltaka pr. i dag.

Rapporten frå Telemarksforsking

I 2019 tinga fylkesmannen i Møre og Romsdal og fylkesmannen i Sogn og Fjordane ei evaluering av verdsarvsatsinga Vestnorsk Fjordlandskap. Rapporten Evaluering av verdsarvsatsinga Vestnorsk Fjordlandskap (Brandzæg, 2020) støttar opp om framlegga til Agri Analyse og tilrådde prioritering av fellesgode, 3-delt strakstiltak, beitering og felles gjetarordning.

Rapporten tilrår også:

- Innføring av eit nytt miljøbidrag som skal sjåast i samanheng med skjøtselsplanane for kvart enkelt bruk og område.
- Styrka tilskot for investering i driftsbygningar.
- At dagens differensiering mellom dei som har driftssenter innanfor og utanfor vert vidareført.
- Å vurdere moglegheita for å støtte innkjøp av spesialutstyr til slått og skjøtsel i tungdrivne område.

Brukarundersøking 2021-2022

I samband med utarbeiding av ny tiltaksplan er det gjennomført ei brukarundersøking. I denne kom det fram at for å sikre eit aktivt landbruk i verdsarvområde, meiner informantane at god og sikker økonomi for framtida vert viktig. Vidareføring av tilskotsordningane vil vere avgjerande. Det vert òg lagt vekt på at landbrukspolitikken i Noreg bør legge til rette for at det kan vere ei rimeleg inntekt av å drive med matproduksjon, og at lønsemda i landbruket i dag må aukast. Det er også viktig å ta vare på den aktive bonden og kunnskapen om landbruksdrift, og å styrke samhaldet mellom dei som driv landbruk i verdsarvområda.

Framlegg til nye satsar frå 2022

Med unntak av ein auke på ca. 5% i 2021 har satsane for verdsarvmidlane vore uendra sidan innføringa i 2008. I 2022 vert satsane auka med 15% i høve 2021-nivået. Dei auka satsane gjeld også for brukarar med beitedyr frå randområda og som beitar i utmark innanfor verdsarvområdet. Det vil ikkje bli gitt verdsarvmidlar til dyr som vert frakta inn frå andre kommunar. For å nå målet med verdsarvmidlane; *langsiktig drift og ivaretaking av kulturlandskapsverdiar* er det avgjerande med årleg støtte til beitedyr og skjøtsel av areal. Utan auka totalramme for verdsarvmidlar frå nasjonale mynde, vil auka støtte til årleg drift føre til lågare ramme for investeringstiltak.

Investeringar og prioritering mellom tiltak

For å imøtekomme innmeldt investeringsbehov, er det trong for vesentleg auke i tilgjengeleg ramme for midlane. Det er hittil ikkje gjeve signal om dette, trass i at det var sentralt i den første tiltaksplanen. Investeringsmidlane skal berre nyttast til tiltak innanfor verdsarvområdet. Totalramma for 2022 er på om lag same nivå som tidlegare. Difor er det inntil vidare naudsynt å prioritere mellom investeringstiltaka.

Det er også gjort ei vurdering basert på skjønn av korleis balansen mellom årleg drift og investeringar under gjeldande tilskotsregime bør vere.

Fyrsteprioritet er å støtte årleg drift til slått og beite. Midlar som ikkje er disponerte, bør deretter prioriterast slik:

- Tilskot til driftsbygningar/investeringsbidrag med inntil 50%
- Spesialutstyr til slått og tungdrive areal med inntil 40%
- Arealtiltak med inntil 70%
- Andre investeringar som fremjar føremålet med ordninga med inntil 40%

Budsjett 2022 - 2026

| Kva/år | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|------------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-----------|
| Årleg skjøtsel | 5,7 | 5,7 | 5,8 | 5,8 | 6 |
| Investeringar i driftsapparatet | 5 | 5 | 5,5 | 6 | 6 |
| Lik sats for beitedyr utanfor | 2,7 | 2,7 | 2,8 | 2,8 | 3 |
| Nye tiltak i tråd med Agri Analyse | 10 | 10 | 10 | 11 | 11 |
| Sum | 20,7 | 20,7 | 21,3 | 22,8 | 22 |

1 Innleiing

Verdsarvmidlane, også kalla *tilskot til tiltak i verdsarvområda*, er ei stimuleringsordning for bønder og grunneigarar i verdsarvområdet som skal sikre varetaking av kulturlandskapet gjennom aktiv og langsiktig drift. Verdsarvmidlane vart oppretta i 2007 og ordninga gjort gjeldande frå 2008. Det er eit uttalt mål å ta vare på kunnskap og fagleg kompetanse på driftsmetodar for denne type areal. Det er difor behov for målretta tiltak som sikrar aktiv drift og busetting på gardsbruk innanfor verdsarvområdet.

Kulturlandskapet, det gamle jordbrukslandskapet, i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap er unikt, og har stor verdi både nasjonalt og internasjonalt. Vestnorsk Fjordlandskap vart i 2005 innskrive på verdsarvlista som naturområde. Det er framheva at kulturlandskapet tilfører ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området.

Det meste av verdsarvområdet er verna etter naturvernlova, med status som landskapsvernområde eller naturreservat. Nærøyfjorden landskapsvernområde vart oppretta i 2002, og Bleia-Storebotnen landskapsvernområde og Bleia naturreservat vart oppretta i 2004. Geiranger-Herdalen landskapsvernområde vart etablert i 2004, der eitt av føremåla er å ta vare på viktige kulturlandskap med fjordgardar, setermiljø og kulturminne. I tillegg er det tre naturreservat i Nærøyfjordområdet, Grånosmyrane, Norheimsdalen og Geitanosi. I Geirangerfjordområdet, er det to; Hysket og Kallskaret.

Innanfor verdsarvområda er det òg teke med busette område som ikkje er verna etter naturvernlova. Det gjeld den busette delen av Geiranger/sentrumsområdet i nord, og i sør bygdene Undredal, Bakka, Tufto, Gudvangen, Nærøydalen og Dyrdal.

Med bakgrunn i landskapsvernet og verdsarvstatusen er det utarbeidd Forvaltningsplan for Vestnorsk Fjordlandskap Nærøyfjorden (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2008), og Forvaltningsplan for Vestnorsk Fjordlandskap Geirangerfjorden (Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 2008). Forvaltningsplanane skal sikre natur- og kulturlandskapsverdiane ved å balansere bruk og vern på ein måte som gjev grunnlag for ei positiv utvikling i verdsarvområdet. Planen for Nærøyfjordområdet er under revidering, og revisjon av planen for Geirangerfjorden skal starta opp i 2022.

Tiltaksplanen for kulturlandskapet i verdsarvområda har sitt fundament i forvaltningsplanane. Den norske staten har forplikta seg nasjonalt gjennom landskapsvernet, og internasjonalt gjennom verdsarvstatusen til å ta vare på kulturlandskapsverdiane i Vestnorsk Fjordlandskap. Mange av verdiane er truga av endra føresetnader for drift av landbrukseigedommane, spesielt dei tungdrivne areala.

Denne reviderte tiltaksplanen gir ein tilstandsrapport for jordbruksdrifta i verdsarvområdet. Med bakgrunn i tilstandsrapporten er det utarbeidd mål og tiltak, med forslag til justering og vidareføring av eksisterande økonomiske verkemiddel. Det er i tillegg gjort framlegg om nye tiltak dersom ramma for løyvingane vert vesentleg auka.

Statlege løyvingar er heilt avgjerande for å gjere det mogeleg å ta vare på det gamle jordbrukslandskapet og å legge til rette for alle samfunnsinteressene knytt til kulturlandskapet og dei som ynskjer å ha arbeidet sitt i jordbruket.

2 Metode og gjennomføring

Gjeldande tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap vart utarbeidd i 2007. Ei evaluering av verdsarvordninga som vart gjennomført av Telemarksforskning i 2020 (Brandzæg, 2020) konkluderte mellom anna med at det er behov for å oppdatere tiltaksplanen for å sjå til at det er samsvar mellom forskrift og ordninga, og mellom tiltaksplanen og forvaltningsplanane for verneområda. I tillegg vart det peika på behovet for eit meir formalisert samarbeid mellom ulike aktørar og verkemiddel retta mot verneområdet.

2.1 Forvaltning

Etter gjeldande forskrift av 1.1.2020: «*Forskrift om tilskudd til verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap*» (Lovdata, 2020) er ansvaret for forvaltninga av verdsarvmidlane overført frå statsforvaltarane til kommunane. Det er dermed forvaltakommunane (Aurland og Stranda) sitt ansvar å fornye planverket.

Som eit ledd i revisjonen av tiltaksplanen er status for landbruket i området oppdatert, status på gjennomførte tiltak summert opp, og det er ein oversikt over verkemiddel og forvaltning som er retta mot verdsarvområdet.

For å nå alle målsettingane med kulturlandskapet vil det også vere trong for utvide stillingsheimlar innan forvaltningsapparatet. Ved overføringa av ansvaret for forvaltninga av verdsarvmidlane frå regionalt nivå i 2020 vart kommunane i liten grad kompenserte for dette ekstraarbeidet.

Overføring av forvaltningsansvaret for verdsarvmidlane har medført ein vesentleg auke i arbeidsmengde for forvaltakommunane, t.d. administrasjon av ordningane, kunngjeringsar, opplæring/retteleiing i bruk av ny elektronisk søknadsprosedyre, sakshandsaming av søknader, utarbeiding av rettleiingshefte og lokale retningslinjer, synfaringar og kontrollarbeid.

Staten la kompensasjonen for denne ansvarsoverføringa inn i rammetilskotet til kommunane, dvs. at kompensasjonen vert fordelt på alle norske kommunar, uavhengig av om dei har slike oppgåver eller ikkje. Dette må endrast slik at kommunar med verdsarv/utvalde kulturlandskap får tilstrekkeleg ressursar til å forvalte ordningane

Den kommunale kapasiteten på sakfeltet er avgjerande, både for å støtte bøndene og for kva bøndene får ut av ordninga i tillegg til dei direkte økonomiske tilskota.

2.2 Mandat

Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap oppmoda i møte 1. mars 2021 om at tiltaksplanen må reviderast. I tråd med no gjeldande forskrift, er det kommunane Stranda og Aurland som er ansvarleg for at dette arbeidet vert gjort.

Dei to kommunane har gjort vedtak i sine formannskap om oppstart av dette planarbeidet, og administrasjonen har fått i oppdrag å utarbeide ny tiltaksplan. Arbeidet er forankra i prosjektplan godkjent av rådmennene i dei to kommunane.

2.3 Metode

Hovudmomenta i revidert tiltaksplan byggjer m.a. på eksisterande tiltaksplan, eit felles lokalt regelverk utarbeidd av delområda i fellesskap, og rapportar og analysar av erfaringar med gjeldande ordningar.

Effektmål

Den reviderte planen skal gi følgjande effektar:

- Setje landbruksnæringa og kommunane betre i stand til å ta vare på aktivt jordbruk i verdsarvområdet i tråd med dei til ei kvar tid gjeldande utfordringar
- Kartlegge behovet for økonomiske verkemiddel for å kunne synleggjere behovet for årleg driftsstøtte og investeringsstøtte overfor løyvande styresmakter
- Skape samsvar mellom tiltaksplanen, forskrifta og forvaltningsplanane for verneområda

Alle dokumenta som er lagde til grunn for utarbeiding av den oppdaterte tiltaksplanen, kjem fram i referanselista.

2.4 Gjennomføring

Den reviderte tiltaksplanen 2022 er utarbeidd gjennom eit interkommunalt samarbeid, der kommunane Aurland og Stranda er prosjekteigar. Prosjektansvarleg har vore landbrukssjefen i Aurland, og det har vore tilsett eigen prosjektleiar. Styringsgruppa, som er sett saman av representantar frå Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap, statsforvaltaren i Vestland og i Møre og Romsdal, og landbrukssjef/næringssjef i kommunane, har halde fleire møte (fysiske og via Teams) i prosjektperioden. I tillegg har det vore halde mange arbeidsmøte med landbrukssjef/næringssjef og prosjektleiar.

Som ledd i evalueringa av verdsarvordninga er det vinteren 2021-2022 gjennomført ei brukarundersøking med verdsarvbøndene. Den er gjennomført med heimebesøk hjå 47 informantar i både delområda. Intervjuarane er uavhengige aktørar leigde inn frå Nærøyfjorden verdsarvpark og Landbruk Nordvest. Resultata frå undersøkinga er presenterte i denne reviderte tiltaksplanen. Dei utgjer grunnlaget for kartlegging av korleis brukarane av verdsarvordninga opplever at ordninga har fungert og i kva grad dei nye føreslegne tiltaka er relevante for deira gardsdrift. Svara frå informantane er anonymiserte og alle utfylte skjema vert makulerte etter at resultata er handsama og innlemma i det nye planverket. Resultata frå brukarundersøkinga har vore sentral i revideringa og dei framlegga til ny fordeling av verdsarvmidlane som kjem fram i den nye tiltaksplanen.

2.5 Høyring

Etter høyringsfristen, er det komme inn 9 innspel. Innspela et teke til etterretning og innarbeida i tiltaksplanen.

3 Tilstandsrapport - landbruket i Vestnorsk Fjordlandskap

3.1 Utviklingstrekk

Tabellen under syner korleis landbrukseigedommane innanfor Vestnorsk Fjordlandskap vert haldne i hevd og drivne. Her kjem det m.a. òg tydeleg fram kor mange av landbrukseigedommane som vert drivne som leigejord. Tabellen syner òg endringar i areal som er i drift, og tal husdyr som er tilknytt landbruket i Vestnorsk Fjordlandskap. Her er det verdt å merka seg tal dyr som beiter i utmark i verdsarvområde, som høyrer til landbrukseigedommar utanfor verdsarvområde.

Tabell 1: Status for driftsforhold inkl. leigejord. Kjelde: Gardskart frå NIBIO og Søknad om produksjonstilskott – søknadsomgangen 2021).

| Statistisk parameter | Geiranger | Nærøyfjorden |
|---|-----------|--------------|
| Tal landbrukseigedommar i drift innanfor verdsarvområda (søkt om PT) | 31 | 56 |
| Tal landbrukseigedommar drivne som leigejord ¹⁾ | 29 | 40 |
| Tal landbrukseigedommar som ikkje har søkt om PT | 11 | 6 |
| Tal aktive gardbrukarar som driv sin eigen eigedom innanfor verdsarvområdet ²⁾ | 2 | 16 |
| Tal landbrukseigedommar som vert drivne som leigejord av aktive gardsbruk utanfor verdsarvområdet i Geiranger | 2 | 0 |

¹⁾ Tal landbrukseigedommar der det vert søkt om og gitt Produksjonstilskot (PT), men der eigar sjølv ikkje søker.

²⁾ Ein forpaktar bur i Eidsdal- og driv ein gard med driftssenter i Geiranger (Møll). Med denne inkludert vert talet for Geiranger her 3.'

Tabell 2: Utvikling i areal- og dyretal 2010 og 2021. Kjelde: Søknad om produksjonstilskott (PT).


| Klasse/kategori | Geiranger (dekar/tal) | | Nærøyfjorden (dekar/tal) | |
|-----------------------------------|-----------------------|-------|--------------------------|-------|
| | 2010 | 2021 | 2010 | 2021 |
| Areal med halling \geq 1:3 (K3) | 193 | 172 | 192 | 141 |
| Areal med halling 1:3 – 1:5 (K2) | 70 | 98 | 124 | 159 |
| Areal med halling \leq 1:5 (K1) | 656 | 726 | 1 006 | 956 |
| Innmarksbeite (K9) | 307 | 457 | 176 | 855 |
| Beiting (K5-K8) | 52 | 98 | 0 | 0 |
| Beitepussing (K10) | 0 | 1 | 0 | 0 |
| Innanfor VA-området | | | | |
| Sau og lam | 461 | 119 | 572 | 1599 |
| Geit og kje | 920 | 847 | 858 | 887 |
| Storfe | 23 | 0 | 115 | 107 |
| Hest | 3 | 4 | 19 | 5 |
| Utanfor VA-området | | | | |
| Sau og lam | 3 812 | 2 533 | 4 578 | 3 715 |
| Geit og kje | 1 351 | 1 695 | 180 | 120 |
| Storfe | 328 | 192 | 98 | 99 |
| Hest | 19 | 15 | 3 | 6 |

Nedanfor er det laga ein tilstandsrapport med sentrale opplysningar om korleis tilstanden er i ulike delar av dei to delområda.

3.2 Tilstandsrapport Nærøyfjorden

Det aktive landbruket og den faste busetnaden i Nærøyfjord-område er hovudsakeleg knytt til bygdene Undredal, Nærøydalen, Gudvangen, Tufto og Bakka. I tillegg er det landbruksaktivitet på Styvi, i Dyrdal og på Stigen. Plassen Breisnes har ikkje drift eller fast busetting. Den ligg langs Aurlandsfjorden. Her ligg òg den fråflytta høgdegarden Nedbergo.

I alt 56 gardsbruk har heile, eller hovuddelen av garden innanfor verdsarvområdet. Av desse er det 16 eigedommar som vert drivne av eigar. Dei fleste andre landbrukseigedommane i området vert drivne som leigejord av gardbrukarar som har aktiv landbruksdrift. Det er òg mange av eigedommane som har fast busetting, og bygningsmassen er i relativ god stand. Behovet for investeringar i bygningsmassen på landbrukseigedommane er likevel stort og kostbart å støtte.



Figur 3: Kartet syner plassering av gardsbruk som vert drivne av eigar.
Kartmarkeringar: Magnhild Aspevik.

3.2.1 Undredal


Bygda Undredal er ein intakt strandstad med eit særprega bygningsmiljø av små trehus tett i tett. Det er i dag færre busette enn tidlegare. Den vesle, kvitmåla stavkyrkja ligg sentralt i bygda og er framleis i bruk. Omsyn til det særmerkte kulturmiljøet, og spesielt Undredal stavkyrkje, stiller strenge krav til bygging av nye hus og andre tiltak her.

Landskapsrommet mellom Undredal, Stigen og Nedbergo er prega av gammalt jordbrukslandskap med slåtteteigar, åkrar, utlør, stølar og lauvingslier. Landskapet har vore i stor endring dei siste generasjonane, og naturpreget er etter kvart vorte meir dominerande. Jordbruksareala er brattlendte, særst arbeidskrevjande og urasjonelle. Ein god del av dette arealet vert slått med ljå og tohjuls slåmaskiner. Ein del av innhaustinga skjer også ved bruk av båt langs fjorden. Bygda har eige stølsysteri der store delar av geitemjølka vert nytta til produksjon av kvit og brun geitost. Tradisjonell stølsdrift og stølskultur vert òg halde i hevd.

Ombygging og utbetring av driftsbygningar vil vere ein viktig del av den fornyinga som må skje. Dette er nødvendig for å tilpasse nye krav til drift, dyrevelferd og bonden sin arbeidsplass, og dersom ein ønskjer å auke dyretalet.



Figur 4. Bygda Undredal. Foto: Magnhild Aspevik



Figur 5. Jordalsnuten og beitemarker, Nærøydalen.
Foto: Magnhild Aspevik..

3.2.2 Gudvangen og Nærøydalen

Jordbruksproduksjonen i Nærøydalen ligg hovudsakeleg langs E16 som går gjennom heile Nærøydalen. Dei aktive gardsbruka ligg ved Stalheimsøyne, Hylland, Skjerpi og Gudvangen. Gardane og dyrkamarka er skilde frå kvarandre av store rasvifter som snevrrar inn dalføret fleire stader. Ved Gudvangen møter dalføret fjorden.

Jordbruksarealet er i motsetnad til andre område rimeleg lettdrive og rasjonelt. Areala vert nytta til slått og beite. Bygningsmassen er av vekslende alder og kvalitet. Det er behov for investeringar i driftsapparatet for å styrke landbruksdrifta i dette området.

3.2.3 Bakka og Tufto

Grenda Bakka og Tufto ligg om lag 5 kilometer frå Gudvangen langs vestsida av Nærøyfjorden. Her er det fast busetnad på to gardsbruk. Husdyrhaldet er basert på mjølkegeit med innslag av storfe og hest. Jordbruksarealet er vekslende lettdrive/tungdrive. Det er små arbeidskrevjande teigar innimellom meir rasjonelt areal. Ein del av areala er utsette for snøras. Beitebruken og samarbeitinga er særst viktig for å halde landskapet ope og i hevd.



Figur 6. Tufto, Nærøyfjorden. Foto: Magnhild Aspevik.



Figur 7. Borgastrodi, Bakka. Foto: Magnhild Aspevik


Grenda har heilårs vegsamband til Gudvangen. Talet på tilreisande gjester har dei siste åra auka kraftig. Dette er ei utfordring for dei som bur her, og for det aktive landbruket. Det har òg ført til utbygging av fleire overnattingsplassar. Mange kjem òg til denne grenda for å oppleve den

spektakulære naturen. Tur opp Rimstigen og padling/båttrafikk på fjorden har auka kraftig i dei siste åra.

3.2.4 Dyrdal

Denne veglause bygda ved Nærøyfjorden har éin fastbuande og fleire som nyttar eigedommane til ferie og fritid. Dei fleste areala i Dyrdal vert haldne i hevd med beiting eller slått/beitepussing. Ingen av bruka vert drivne aktivt av eigarane.

Landbruksressursane her vert haldne i hevd med ein stor flokk sauer som vert frakta til bygda i beitesesongen. Areal som m.a. Drægali og Jeiskali, vert òg skjøtta av grunneigarar med noko økonomiske bidrag frå verneområdeforvaltninga og Statsforvaltaren i Vestland.



Attgroing av jordbrukslandskapet er ei stor utfordring for Dyrdal. Mykje av bygningsmassen er halden godt ved like og er i bra stand. Likevel er det stort behov for reparasjon og restaurering av bygningar i bygda. Mange av bygningane her har stor kulturhistorisk verdi, og er viktige å ta vare på.

Tilkomst til bygda er via fjorden med båt. Det kan til tider vere mange som kjem på besøk til bygda, spesielt padlarar.

*Figur 8. Bonde Bjørn Henning med sauer som beitar fint på markene i Dyrdal.
Foto: Magnhild Aspevik.*

3.2.5 Styvi og Holmo

Styvi ligg omtrent på motsatt side av fjorden i forhold til Dyrdal. Her er det to gardsbruk. Bruka har ikkje fastbuande, og jordbruksareala vert nytta til beite for sau, og noko fôrproduksjon. Strekinga Styvi - Holmo vart etablert som eige landskapsvern-område alt i 1991. I særskild grad var vernet motivert ut frå ynsket om å halde ved like eit særprega kulturlandskap med viktige kulturminne, opplevings-verdiar og biologisk mangfald. Det ligg føre skjøtselsplan for området, som blir lagt til grunn for alt arbeidet som vert utført her. I tråd med skjøtselsplan vert det meste av innmarka nytta til beite for sau vår og haust. I tillegg vert innmarksareala beitepussa. I 2022 er det under utarbeiding ny skjøtselsplan.

Tilkomst til Styvi er med båt på Nærøyfjorden.



Figur 9. Styvi. Foto; Magnhild Aspevik

3.2.6 Nedbergo, Stigen og Breisnes

På høgdegarden Nedbergo er det 2 bruk som utgjør eit viktig kulturmiljø og blikkfang frå fjorden. Det er ikkje fast busetting eller aktiv drift her, noko som fører til at attgroing av landskapet vert ei utfordring. Bygningsmiljøet har høg kulturhistorisk verdi, og det er gjort ein god jobb med restaurering av fleire av bygningane her. På Breisnes er det éin landbrukseigedom som verken har busetting eller aktiv drift.

Dei to bruka på Stigen, Neste og Øvste, har dei siste åra vorte haldne i hevd med både slått og beitedyr. Det meste av innmarka vert slått/beitepusa, og nokre beiteområde i nær utmark, er rydda for skog. Utmark og innmark har eit godt beitetrykk med sau, og dette syner no gode resultat. Bygningsmassen på desse to eigedommane har stor kulturhistorisk verdi. I dei siste åra har eigarane lagt ned store ressursar i restaurering og vedlikehald. Dette er av stor ålmenn interesse, då desse eigedommane er populære turmål for tilreisande og lokalbefolkninga. Det er ikkje fast busetting på eigedommane. Neste Stigen har overnattingstilbod som del av eigaren si turistverksemd.

Det er utarbeida skjøtelsesplan for Nedbergo, og verneområdestyre brukar tiltaksmidlar til skjøtsel av slåttengene på Nedbergo.

Fronnes ved Aurlandsfjorden har og skjøtelsesplan, og i tråd med den vert det utført skjøtsel av beitemarkene her.



Figur 10: Garden Øvste Stigen. Foto: Magnhild Aspevik.

3.2.7 Randsona til Nærøyfjorderområdet

Randsonene til Nærøyfjorden er områda kring Stalheim og Jordalen i Voss Herad, Fresvik i Vik kommune, og Flåm og Skjerdal i Aurland kommune. Lærdal kommune har tilgrensande areal til verdsarvområdet på Frønningen, i Vindedal og i Erdal.

Det vert ført inn en del beitedyr for beiting i utmarka i verdsarvområdet frå desse randområda. Beitedyra er viktige for å utnytte beiteressursane, og for å halde utmarksbeite i hevd. Å ha eit aktivt landbruk i randsonene er viktig, men det er utanfor verdsarvområdet og har difor ein annan status i verdsarvsamanheng. Dei som driv aktivt landbruk her, får eit økonomisk bidrag for dyr som beitar i verdsarvområdet. Bidraget er noko mindre enn bidrag til beitedyr som tilhøyrer driftseiningar innanfor verdsarvområdet. Figur 12. Holmo, Rimstigen og Bakkanosi sett frå Nærøyfjorden. Foto; Magnhild Aspevik




Figur 11. Holmo, Rimstigen og Bakkanosi sett frå Nærøyfjorden. Foto: Magnhild Aspevik


3.3 Tilstandsrapport Geirangerfjorden

Det tradisjonelle landbruket i Geiranger har over tid vore under sterk nedbygging. Ein har trass i dette i stor mon klart å halde kulturlandskapet relativt intakt ved bruk av tilskotsmidlar, men marginale areal er prega av gjengroing. Det er berre to aktive driftssenter med dyrehald att innanfor verdsarvområdet i sjølve Geirangerbygda. Ingen av dei no aktive brukarane har meir enn nokre få års perspektiv på vidare drift. Driftsbygningane er svært gamle og stettar ikkje noverande krav til landbruksdrift.

Bruksstrukturen er slik den har vore i heile etterkrigstida. Tre bruk har bygd ein fellesfjøs for geit i Møllsbygda. Det er gjort ein del investeringar i driftsapparat (maskinar) basert på leigejord. Dei seinare åra er det gjort mykje godt arbeid med gjerdehaldet (Møllbygda, Homlung, Gjørva-vika mfl.) som har gjort at gjengroinga av viktige og svært synlege delar av kulturlandskapet er stoppa. Ein brukar med stor geitebuskap har sett på svært mykje dyr på dei rydda og inngjerda areala. Så lenge dette beitetrykket vert halde oppe vil desse areala stå fram som gode døme på at det nyttar med tiltak, og at småfehald er den kanskje viktigaste og mest effektive reiskapen vi har i kulturlandskapsarbeidet.



Figur 13. Kartet syner driftssenter (raud prikk) og plassering av gardsbruk som vert drivne av eigar i Geiranger (grøn sirkel). Kartmarkeringar: Inge Bjørdal.



Figur 14. Driftssenter (raud prikk) og driftssenter der eigaren sjølv driv eige bruk (grøn sirkel) i Fjord. Kartmarkeringar: Inge Bjørdal.

Teigdelinga er stor, areala små, for det meste svært tungdrivne og mykje av dei ligg 3-500 moh. Dette krev ein heilt annan innsats og andre driftsmetodar enn i produksjonslandbruket. Ein stor del av areala i Geiranger vert drivne av bønder i Eidsdal. (Fulldyrka jord: 63 %; Overflatedyrka jord: 20% og Innmarksbeite: 3%).

Vi har valt å dele Geiranger inn i 5 kulturlandskapsområde, med bakgrunn i naturleg avgrensa beiteområde. Skildringa av områda vert innleidd med ein omtale av Ann Norderhaug slik den er gjort i den første tiltaksplanen (Frøysa, 2007).

3.3.1 Grande, Møll, Årset, Møllsæter

Møllslia er den av innfallsportene til Geiranger som er åpen hele året. Utsikten fra den nasjonale turistveien, spesielt fra Ørnsvingen, er en landskapskvalitet av stor betydning for turismen. Det er derfor viktig at landskapet i Møllslia holdes åpent. Møllstunet som er et intakt klyngetun med 11 bygninger, den eldste sannsynligvis fra 1600-tallet og er nå fredet. I Møllslia finnes i tillegg en rekke andre kulturminner av forskjellig alder. Fruktdyrkingen i Geiranger har tradisjoner helt tilbake til middelalderen. De gamle frukthagene i Møllslia har derfor både historisk og estetisk betydning. Store styve gamle trær er også landskapselementer med estetisk og historisk verdi. I tillegg er de viktige for det biologiske mangfoldet. Et stort biologisk mangfold er også knyttet til (tørr)engene, veikantene, knausene og ikke minst til den kulturpåvirkete lauvskogslia og rasmarene øst for Grandeelva. Mange av landskapskvalitetene og sammenhengen fra gård til støl, kan oppleves fra en gammel sti som kan følges fra fjorden opp til Møllssetrene. Fra Møll og oppover er stien delvis steinsatt (trappetrinn). Møllssetrene ble tatt av snøras i 1986, men tuftene og vollen kan fortsatt sees fra den nasjonale turistveien. Det er utarbeidet en skjøtelsesplan for Møllslia (Frøysa, 2007).



Figur 15. Møllsbygda. Foto: Merete Rønneberg

Landbruk:

Det er fem bruk i dette området, tre av desse med heilårsbusetting. Her er to campingplassar og hotell på Grande, to utleigehytter på Møllsæter. Eigarane driv jordbruk, men ved bortleige av jorda. Ein fellesfjøs for geit er forpakta bort til ein bonde i Eidsdal. Jordbruksareala er grøderike, med gamle frukthagar i nedre del av bygda. Dette er kanskje den største samlinga av gamle fruktsortar i landet, oppimot hundre i talet. Areala er svært brattlendte med dårleg arrondering, sundskorne av grunnlendte parti og av Ørnevegen som slynger seg gjennom bygda. Mykje av arealet var berre for nokre år sidan sterkt prega av attgroing. Dei seinare åra er dei aller fleste areala i Møllsbygda gjerda inne og det er sett på stort beitetrykk med geiter/kje som gjer at kulturlandskapet i stor grad er vunne tilbake. Mestedelen av areala vert både slått og beitt. Mjølkegeitene beiter i utmarka aust for Grandeelva, oppover mot Møllsetrane.

3.3.2 Maråk, Vinje, Hole, Vesterås

På Maråk, Vinje og Hole finnes det rester av gammel, artsrik slåtteeng som beriker selve Geiranger sentrum. Også på Holebakk finnes det slik eng og i tillegg mange tufter og andre kulturminne som det er knytt dramatiske historier til. De forklarer hvorfor det ikke lenger er bosetting her. Mange dramatiske hendelser er knyttet også til Vesterås. Denne gården som nærmest kan betegnes som en hyllegård, har det mest intakte "gårdslandskapet" i dette kulturlandskapsområdet. Beliggenheten gjør at det kan sees frastørre delen av bygda, samtidig som det er vid utsikt herfra. I den bratte innmarka finnes bakkemurer, rydningsrøyser, vedlikeholdte styvingstrær og artsrik flora på knauser, i kanter, tørrbakker og gammel beitemark. Vesteråsetra ligger innerst i Vesteråsdaalen som har en rik fjellplanteflora og beitepåvirka snørasenger. Også ved Vesteråsfonna finnes det sjeldne arter. I dette kulturlandskapsområdet spiller ellers veikantene en særlig viktig rolle for det biologiske mangfoldet (Frøysa, 2007).

Landbruk:

Området har 16 bruk, 10 av desse har heilårsbusetnad. To bruk på Maråk og eitt på Vinje har campingplass, to bruk på Hole og eitt på Vesterås har utleigehytter. Berre éin av eigarane søkte PT i 2021, dvs. at det aller meste av areala vert drive som

leigejord. Dei fleste driftsbygningane i området er 100 år eller eldre. Noko av jordbruksareala på Maråk og Vinje er flate og lett drivne, resten er svært dårleg arronderte, bratte, sundskorne av grunnlendte parti og av vegen som slynger seg oppover dalen.



Éin søknad på PT i 2021 omfatta om lag 20 sauer, 30 ammegeiter og 4 lamaar. Det vert nytta heimebeite vår og haust, og sommarbeite i Vesteråsdaalen.

Figur 16. Slått på Vesterås. Foto: Merete Rønneberg.



Figur 17. Slått på Vesterås. Foto: Merete Rønneberg

3.3.3 Flydal, Ørjasæter, Opplenskedal

«Dette kulturlandskapsområdet er det som møter turistene som kommer langs riksvei 63 fra Grotli og Strynefjell. Engene og beitemarkene gjør landskapet åpent og innbydende. Brukene her har i kulturlandskapsammenheng betydning også fordi de er de eneste gjenværende melkebrukene i Geiranger (Kommentar: det er ikkje lenger mjølkekyr i Geiranger). Storfefeite er nødvendig for opprettholdelse av en del verdifulle kulturmarker. Gamle bygninger, tufter, bakkemurer og rydningsrøyser er interessante elementer i dette kulturlandskapsområdet. Det biologiske mangfoldet er først og fremst knyttet til kanter langs riksveien og gårdsveier samt til velstelte, bratte slåttebakker. Kvanndalssetra som ligger øverst i Geirangerdalen drives ikkje som seter lenger, men er godt beitet og artsrik. På Flydalssetra og Vinsåsssetra har imidlertid gjengroingen startet. Særlig Vinsåsssetra er likevel fortsatt artsrik. De beita snørasengene i Vinsåsskredene er spesielt artsrike og her finnes flere sjeldne arter.» (Frøysa, 2007).

Landbruk:

Området har 10 bruk, 6 av disse har heilårsbusetnad. Eitt bruk har campingplass, 1 har leilegheit i huset. Fem av bruka bygde ut for mjølkeproduksjon på 70-talet er lagt ned, det siste i 2010 (Flydal). Dei aller fleste driftsbygningane er svært gamle og umoderne og kan i beste fall nyttast for småfe. Det meste av jordbruksarealet er flatt og lettdrive, men noko er i dårleg hevd. Alt jordbruksareal på Ørjasæter og i Opplenskedal vart hausta som leigejord i 2021. Ørjasæter og Opplenskedal har beiteområde i fjellsidene på begge sider av dalføret, på Kvanndalsætra og i Kvanndalen. Flydal har beiteområde i fjellsidene mot sør-vest og på Flydalsætra.

3.3.4 Gjørva

«Liene fra Gjørva inn mot Homlong er tidligere slåtteliet som spiller en viktig rolle i landskapsbildet og for inntrykket av Geiranger. En stor frukthage ved gården utgjør eit vakkert innslag i landskapet når trærne står i blomst. I lia innerst i bukta er kulturmarken nærmest terrassert med bakkemurer, men dette området trues av gjengroing. Liene holdes ellers fortsatt ganske åpne ved beite. Her finnes flere rødlistearter og et stort biologisk mangfold. Av kulturminner kan nevnes steingarder, rydningsrøyser og spor etter en plass ovenfor gården» (Frøysa, 2007).

Landbruk: Her er det fire bruk, ingen med heilårsbusetnad. Eitt bruk har selt jordbruksareala som tilleggsjord. Eitt bruk driv hytteutleige. Ingen av bruka har husdyr. Jordbruksareala ved sjøen er flate og lettdrive, oppover fjellsida er areala brattlendte med dårleg arrondering. Gjørva har beiteområdet sitt i fjellsida vest for sentrum, framover mot Flydalsnakken, på Kvanndalssetra og i Kvanndalen.



Figur 18. Gjørva. Foto: Merete Rønneberg.

3.3.5 Homlung

Innmarka ved Homlong karakteriseres av mange bakkemurer og steingarder. De er imidlertid i ferd med å forsvinne på grunn av gjengroing. Hvis landskapet skal beholde sin karakter vil det være nødvendig å slå eller beite disse arealene. Det vil også være viktig å stelle frukthaven. Fra Homlong slynger det seg en bratt sti oppover til Homlongsetra 540 moh. Setervollen er fortsatt ganske åpen og kan sees fra Ørnesvingen. Fra Homlongsetra går det sti videre til Skagedalsetra og til hyllegården Skageflå. Det er flere kulturminner som sel, stihus, løer, tufter, og hvilesteiner knyttet til stiene og stølsområdene. Homlongsetra er mye besøkt av turister. Også for landskapsopplevelsen fra Ørnesvingen på andre siden av fjorden spiller Homlong og Homlongsetra en viktig rolle og gir utsikten et tydelig historisk innhold (Frøysa, 2007).

Landbruk:

Området har fire bruk, berre eitt med heilårsbusetnad. Alle bruka har campingplass, hytter eller leilegheiter. Ingen driv jordbruk. Det mest lett drivne jordbruksarealet vert hausta ved slått eller beitt. Jordbruksareala er brattlendte, dårleg arronderte, og ein del av dei vert ikkje slått årleg. Eit stort areal med innmarksbeite med svært særprega bakkemurar var i ferd med å gro heilt att, men dette er opna opp ved bruk av verdsarvmidlar og vert årleg beitt av geiter /kje frå Kilsti i Fjord kommune. Homlung har beiteområde sitt i Skagedalen.



Figur 19. Homlung. Foto: Merete Rønneberg

3.3.6 Herdalen

«Herdalen er en særpreget seterdal med en åpen, treløs dalbunn som dekker mer enn 1 km². Setergrenda er delvis ordnet i rekker langs bekkene som renner gjennom området. Mange av de 35 selene og fjøsene er registrert som verdifulle kulturminner (SEFRAK). De eldste er over 200 år gamle. Kombinerte naust/løer finnes ved utløpet av Herdalsvatnet. Herdalen er rikt også på andre kulturminner knyttet både til tidligere bosetting, setervirksomheten, jakt og fangst. I tillegg til de fulldyrka arealene finnes her artsrik beitemark med sjeldne arter, beita rasmarker, myr og fjellbjørkeskog» (Frøysa, 2007).

Landbruk:

Herdalen hadde truleg fast busetnad frå vikingtida og fram til 1700-talet. Dette er ein gamal matrikulert gard, gnr. 50 i Fjord kommune. Sidan sist på 1700-talet har den vore delt i seks ideelle (like) eigarpartar. Ein avtale frå 1823 knyter ein evigvarande leigeavtale til kvar av eigarpartane. Avtalen er klårt definert og avgrensa til seterrett med årleg betaling. Sidan har Herdalen vore brukt til seter og beiteområde for bruk i Norddal og Valldal. Minst 15 gardsbruk har tidlegare drive aktiv setring i Herdalen, og skapt eit unikt setermiljø.



Figur 20. Herdals-setra. Foto: Merete Rønnerberg.

I 1960 etablerte 14 bruk partslaget Herdal Beitelag, og bygde moderne fellesfjøs med røymjølkeanlegg for 50 kyr og 160 geiter. I 1981 gjekk aktive brukarar saman om oppdyrking organisert i partslaget Herdal Fôrdyrkarlag. Både grunneigarar og leigarar er med i desse fellestilltaka. I 1989 vart talet på aktive eigarar redusert til 7, fjøsen modernisert og dyretalet auka til 460 mjølkegeiter. Dette var då den største fellesfjøsen for geit i landet. I 2006 var det 3 bruk med til saman 277 mjølkegeiter som hadde aktiv seterdrift i Herdalen, og beitelaget hadde totalt 71 storfe og 512 småfe på beite. Alle bruka har driftssenteret sitt i Norddal, utanfor verdsarvområdet.

Herdal fôrdyrkarlag er skipa av ni bruk, og leiger 162 da fulldyrka jord av Herdal Gard Grunneigarlag. Setra er den einaste som framleis er i drift i nord-delen av verdsarven Vestnorsk Fjordlandskap.

I 2021 er situasjonen slik:

Organisering av drifta i Herdalen skjer i regi av eit grunneigarlag, eit beitelag og eit fôrdyrkarlag. Talet på aktive medlemmar har gått jamt attende. I dag er det berre to som nyttar fellesfjøset og fire er med i drifta av fôrdyrkarlaget. Somme er aktive brukarar og har dyr på setra, og berre èin av leigetakarane er busette utanfor kommunen, elles er alle lokale – også Muri og Nerhus, som har ått kvar sin sjettepart av Herdalen i hundrevis av år. Eigarar og leigarar i Herdalen er såleis både geografisk og på alle andre vis nært knytte til staden.

Dyrdalen og Innsetsetra er også viktige aktive beiteområde og kulturlandskap innanfor verdsarv/landskapsvernområdet her.



Figur 21. Innsetsætra i Norddal. Foto: Merete Rønneberg.

3.3.7 Fjord- og fjellgardane

«Hyllegårdene og de dramatiske historiene som er knyttet til de fleste av dem, er en av de største opplevelsesverdiene i verdensarvområdet. Det er derfor av stor betydning for turismen at bygningene blir holdt ved like og at i hvert fall arealene nærmest husene skjøttes, slik at de fortsatt er synlige i landskapet. Også på hyllegårdene finnes det mange kulturminner som gamle bygninger, naust, kvernhus, tufter, løypestrenger, taubaner, fint oppmurte stier og trapper, bakkemurer og rydningsrøyser. Mange har også en meget artsrik engflora, styvingstrær og frukttrær» (Frøysa, 2007).

Landbruk:

I verdensarvområdet ligg ei rekkje gardsbruk langs strendene og i fjellsida på begge sider av Geirangerfjorden og Sunnlyvsfjorden, og på sørsida av Tafjorden:

- Sunnlyvsfjorden, vestsida: Ljøen, Timbjørgane, Åkernes
- Sunnlyvsfjorden, austsida: Smoge, Smogeli, Isflå, Oaldsbygda, Furnes, Lundanes
- Geirangerfjorden, nordsida: Matvik, Horvadrag, Knivsflå, Bringa, Gomsdalen
- Geirangerfjorden, sørsida: Skageflå, Blomberg, Syltavika
- Tafjorden, sørsida: Skrednakken, Verpesdal, Ospahjellen, Kvennhusneset, Osvik, Kastet, Korsnes

Alle desse gardane, med unntak av Ljøen, er fråflytta i løpet av dei siste 100 åra, dei fleste i åra etter siste verdskrigen. Fjord- og fjellgardane hadde lite dyrka jord, men utnytta fjellsidene og flater langs fjorden til slåttemark og beite for store husdyrflokkar. Kulturlandskapet pregar området frå fjord til fjell. Mykje av det gamle jordbrukslandskapet er no tilvaks med skog. Viktige område vert framleis haldne opne med aktiv beiting av beitedyr frå randsonene, og ein del areal i tun-områda vert slått av eigarane, eller den ideelle organisasjonen Storfjordens Venner.

På Ljøen er det to bruk i aktiv drift (sau, alpukka og ammegeit), og eitt bruk er i drift som leigejord. Driftssentera ligg utanfor verdsarvområdet, men deler av beiteområda ligg innanfor. Bruka er svært brattlendte, med dårleg arrondert jord, sundskoren av grunnlendte parti. Eigarane på eitt av bruka har vore svært aktive med å utvikle tilleggsnæring innafor reiseliv, og har drive aktiv landskapspleie (rydding og opparbeiding av attgrodde areal til innmarksbeite) i stort omfang.



Figur 22. Øvre Ljøen med utsyn til Geirangerfjorden. Foto: Ole-Hjalmar Bonaksen

3.3.8 Randsonene til verdsarvområdet Geirangerfjorden og Herdal

Randsonene er svært viktige for verdsarvområdet, både for å halde kulturlandskapet i innfallspørtane i hevd, og i form av direkte skjøtsel av kulturlandskapet med beitedyr inn i verdsarvområdet. Dette gjeld spesielt bruk i Norddal, som tek seg av all slått og beiting i Herdalen. Også ein vesentleg del av innmarksareala i Geiranger vert i dag skjøtta av bønder frå Fjord kommune. (Fulldyrka jord: 63 %; Overflatedyrka jord: 20% og Innmarksbeite: 3%). Dette medfører lang transport langs svært bratte vegar, og er ikkje gunstig frå eit miljøperspektiv.

Bruka på Indreeide i Eidsdal har alle sine beitedyr til å halde kulturlandskapet i Indreeidsdalen. Tryggestad (eitt bruk) i Sunnylven har sine beitedyr i Oaldsbygda, og Ljøen tek vare på det unike kulturlandskapet ved inngangen til Geirangerfjorden. Ei rekkje andre gardsbruk (t.d. Lie i Stranda og Hellebostad og Helset i Sunnylven) har husdyr som i deler av sesongen beiter inn i verdsarvområdet. I Gråsteindalen har det til no vore to buskapar med eigarar utanfor kommunegrensa, men dei har hatt store tap (jerv) og det er usikkert om desse vil halde fram.

I randsonene Norddal, Eidsdal, Stranda og Sunnylven er det framleis eit aktivt landbruk, men det økonomiske fundamentet for vidare drift er i dei fleste tilfelle svakare her på dei meir sentralt liggjande bruka i kommunen. Ekstratilskottet desse får frå verdsarvmidlane har gjort at bruken av randsonetillegget har vore stabil.



Figur 23. Kilstisætra i Eidsdal. Foto: Merete Rønneberg.

4 Økonomiske verkemiddel for landbruket i Verdsarvområdet

Det er fleire generelle støtteordningar som gjeld for landbruket i Norge. Her kjem ei kort orientering om dei ulike ordningane som gjeld generelt , og spesielt for landbruket i verdsarvområdet.

Produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket (PT)

Produksjons- og avløysartilskot er ei samnemning for fleire tilskotsordningar som føretak med husdyr- og/eller planteproduksjon kan søke om. Føremålet med ordninga er: «å bidra til et aktivt og bærekraftig jordbruk innanfor de målsettinger Stortinget har trukket opp». Føretaket må oppfylle visse vilkår for å få tilskot, blant anna å vere registrert i Einingsregisteret og drive vanleg jordbruksproduksjon. Satsar og justeringar i denne ordninga vert fastsett i samband med jordbruksoppgjæret kvart år.

Regionalt miljøtilskot i jordbruket (RMP)

Regionale miljøprogram (RMP) skal stimulere til auka miljøinnsats i jordbruket,- ut over det som er mogleg gjennom nasjonale ordningar. Føremålet med ordninga er å: «bidra til å ivareta jordbruket sitt kulturlandskap, biologisk mangfold, kulturmiljøer og -minner, tilgjengelighet i jordbrukslandskapet, samt redusere bruk av plantevernmidler og utslipp til luft og avrenning til vann frå jordbruket».

Kvart fylke har eit eige miljøprogram med eit utval miljøtiltak som det kan gjevast tilskot til for å utføre. Statsforvaltaren bestemmer i samråd med regionalt partnerskap, kva for miljøtiltak som skal inngå i det regionale miljøprogrammet. Miljøprogramma blir rullerte kvart fjerde år, men mindre justeringar kan skje årleg. Føretaket må oppfylle visse vilkår for å få tilskot, m.a. å vere registrert i Einingsregisteret og drive vanleg jordbruksproduksjon.

Investeringstilskot frå Innovasjon Norge – (IBU-midlar)

Føremålet med midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket er «å legge til rette for langsiktig og lønnsam verdiskaping, samt bidra til sysselsetting, busetting og eit variert landbruk i alle deler av landet med utgangspunkt i landbrukets ressursar generelt og landbrukseigedommen spesielt», jf. forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket.

Det er Innovasjon Norge som forvaltar IBU-midlane til investeringar, og prioriteringane kan variere frå fylke til fylke. Når Innovasjon Norge vurderer prosjektsøknader vert det lagt til grunn at midlane skal brukast til å utvikle robust, lønnsam og omstillingsdyktig landbruksrelatert næring. Det er ein føresetnad for finansiering at tiltaka er bedriftsøkonomisk og samfunnsmessig lønnsame målt over prosjekta si totale levetid.

Under føresetnad av at sum offentleg støtte ikkje kjem i konflikt med reglane for bagatellmessig støtte, skal det ikkje gjerast sjablongmessig avkorting i støtte frå Innovasjon Norge. Innovasjon Norge sitt eventuelle bidrag skal vurderast i lys av samla støtte, utløysande effekt og at tilskotet skal vere tilstrekkeleg risikoavlastande.

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Føremålet med ordninga er å: «fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensning fra jordbruket, utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift». Den som eig eller leiger ein landbrukseigedom der det

føregår ein tilskotsberettiga jordbruksproduksjon, kan søke tilskot. Både privatpersonar og føretak kan søke. Det er kommunen som behandlar søknader, fattar vedtak om - og godkjenner utbetaling av tilskot. Kommunen skal utarbeide lokale retningslinjer for ordninga. Dei lokale retningslinjene skal fastsette kva for tiltak som vil bli prioriterte utifrå lokale miljømessige behov og utfordringar.



Figur 24. Ljøkaia med Geiangerfjorden i bakgrunnen.. Foto: Merete Rønneberg.

Tilskot til tiltak i beiteområde

Føremålet med ordninga er å: «*legge til rette for best mulig utnyttelse av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområdene*». Lag, foreiningar (beitelag, grunneigarlag, radiobjøllelag) og føretak som driv næringsmessig beitedrift kan søke. Enkeltforetak kan søke når det på grunn av naturgitte eller driftsmessige forhold ikkje ligg til rette for samarbeid. Det er kommunen som behandlar søknader, fattar vedtak - og godkjenner utbetaling av tilskot. Kommunen skal utarbeide lokale retningslinjer for ordninga. Dei lokale retningslinjene skal fastsette kva for tiltak som vil bli prioriterte utifrå kva som er formålstenlege tiltak for utmarksbeitinga i kommunen.

Tilskot til truga naturtypar

Føremålet med tilskotsordninga er å medverke til å gjennomføre tiltak for å ta vare på utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova kap. VI, og naturtypar som er klassifiserte som truga på Norsk raudliste for naturtypar 2018.

Tiltak som kan få tilskot er:

- Skjøtsel og vedlikehald
- Restaurering
- Tilpassa bruk på areal som inngår i drifta til landbruksføretak
- Gjerding
- Kartlegging og overvaking knytt til tiltak

I tillegg til tiltak i felt, kan det gjevast tilskot til å utarbeide skjøtsels- eller tiltaksplan, naudsynt utstyr til tiltak og til informasjon om naturtypene.

Søknad om tilskot skal sendast i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter. Søknaden blir adressert til statsforvaltaren.

Tiltaksmidlar til verneområda

Tiltaksmidlar over post 1420.31 skal dekke statlege investeringsutgifter til skjøtsels-, informasjons- eller tilretteleggingstiltak som medverkar til å ta i vare verneverdiane i dei ulike verneområda, dvs. Geiranger-Herdalen landskapsvernområde og Nærøyfjorden landskapsvernområde. Slike tiltak skal vere forankra i skjøtselsplan, forvaltningsplan eller besøksstrategi.

Døme på tiltak som blir finansierte frå denne posten kan vere skjøtsel av areal, informasjonstiltak og tilrettelegging og vedlikehald av stiar og bygningar. Behovet for midlar til tiltak i verneområde vert meldt inn til Miljødirektoratet av verneområdestyra.

Tilskot til kulturminne på verdsarvlista

Post 79, Tilskot til kulturminne på verdsarvlista er ei tilskotsordning for eigarar og forvaltarar av kulturminne i verdsarvområde. Formålet med ordninga er å *“bidra til å oppfylle Norges forpliktelser etter Unescos verdensarvkonvensjon av 1972 og medvirke til at verdensarvområdene utvikles som fyrtårn for den beste praksisen innen natur- og kulturmiljøforvaltning når det gjelder tilstand, forvaltning og formell beskyttelse.”*

Tiltak som bidreg til å nå målet med tilskotsordninga kan få tilskot. Fylkeskommunen forvaltar ordninga.

Midlar til restaurering og ivaretaking av kulturminne og kulturmiljø

Det er fleire ulike ordningar som kan vere aktuelle for restaurering og varetaking av kulturminne og kulturmiljø i verdsarvområde. Her kan nemnast:

- a) **Norsk Kulturminnefond** er ei statleg tilskotsordning og eit lågterskeltilbod for private eigarar av verneverdige kulturminne. Også frivillige lag og organisasjonar, anten dei eig kulturminna sjølve eller forvaltar dei på vegner av andre, kan søkje.

Kulturminnefondet gjev økonomisk støtte til bevaring av verneverdige kulturminne som bygningar, bustader, båtar, hageanlegg og kulturlandskap. Kulturminnefondet har ingen søknadsfrist.

- b) **Stiftelsen UNI** er ei ideell stifting med formål om å fremje "allmennyttig virksomhet innen skade- og miljøvern". Bygningsvern er eit av hovudområda til stiftinga.

Kommunale næringsfond

Kommunane har egne fond som kan støtte tiltak til verdsarvlandbruket, Det er ulike ordningar i dei ulike kommunane. I sør-området kan det mellom anna gjevast støtte til kjøp av mjølkekvotar og til nydyrking.

5 Tilskot til tiltak i verdsarvområde 2008-2021

Det er sidan verdsarvordninga vart innført løyvd midlar til ordninga frå Landbrukets utviklingsfond (LUF) og det er løyvd midlar frå Klima- og Miljødepartementet.

Erfaringar og svara frå brukarundersøkinga viser at det er variasjonar mellom dei ulike delområda i bruken av midlane. Det er ulike utfordringar som krev ulike løysingar. I nord-området er det mange aktive bruk innanfor, som vert drifta og skjøtta av brukarar med driftssenter utanfor verdsarvområdet. I sør-området er mange fleire av bøndene busette innanfor grensa og driv landbruk og skjøtsel av kulturlandskapet innanfor verdsarvområde.

Noko auke i løyvde midlar dei siste åra, har gjeve rom for å støtta investeringstiltak. Tabellande under syner fordeling av verdsarvmidlane sidan starten i 2008.

5.1 Løyvde midlar delområde Nærøyfjorden

Tabell 3: Løyvde midlar delområde Nærøyfjorden.

| År | Tilskott til beitedyr | Arealtilskot | Tilskott til investeringstiltak |
|-------------------|-----------------------|-------------------|---------------------------------|
| 2008 | 548 800 | 1 038 300 | |
| 2009 | 930 240 | 1 113 300 | |
| 2010 | 927 840 | 1 231 500 | |
| 2011 | 939 840 | 1 239 200 | |
| 2012 | 996 960 | 1 241 300 | |
| 2013 | 1 027 840 | 1 204 440 | |
| 2014 | 1 114 720 | 1 387 970 | |
| 2015 | 966 060 | 1 368 100 | |
| 2016 | 982 020 | 1 185 600 | |
| 2017 | 1 010 700 | 1 092 800 | 378 000 |
| 2018 | 1 085 500 | 1 208 200 | 827 364 |
| 2019 | 1 088 180 | 1 279 000 | 1 922 850 |
| 2020 | 994 880 | 1 376 300 | 1 755 294 |
| 2021 | 1 105 265 | 1 442 035 | 3 792 247 |
| Samla sum: | 13 718 845 | 17 408 045 | 8 675 755 |

5.2 Løyvde midlar, delområde Geirangerfjorden

Tabell 4: Løyvde midlar delområde Geirangerfjorden

| År | Tilskott til beitedyr | Arealtilskott | Tilskott til investeringstiltak |
|------------------|-----------------------|-------------------|---------------------------------|
| 2008 | 704 528 | 1 048 200 | 472 272 |
| 2009 | 784 776 | 1 141 000 | 299 224 |
| 2010 | 888 040 | 1 185 600 | 111 360 |
| 2011 | 832 152 | 1 067 500 | 102 608 |
| 2012 | 803 784 | 1 047 400 | 381 181 |
| 2013 | 789 312 | 1 151 908 | 110 300 |
| 2014 | 890 424 | 1 097 100 | 381 975 |
| 2015 | 927 024 | 1 080 300 | 142 673 |
| 2016 | 927 024 | 1 080 300 | 42 240 |
| 2017 | 845 376 | 1 057 600 | 0 |
| 2018 | 818 816 | 983 100 | 1 391 025 |
| 2019 | 898 684 | 95 890 | 355 793 |
| 2020 | 896 080 | 953 300 | 1 072 375 |
| 2021 | 896 080 | 953 300 | 3 1677 31 |
| Samla sum | 11 902 100 | 14 805 508 | 4 863 026 |

5.3 Samla løyving

Tabell 5: Samla tilskott til verdsarvområda til no.

| Type tilskott | Delområde Nærøyfjorden | Delområde Geirangerfjorden |
|---|---------------------------|-------------------------------|
| Beitetilskott | 13 718 845 | 11 902 100 |
| Arealtilskott | 17 408 045 | 14 805 508 |
| Investeringsbidrag | 8 675 755 | 4 863 026 |
| Løyvde midlar til Vestnorsk Fjordlandskap totalt | 71 373 279 | |

6. Samanfatning av brukarundersøkinga

For å få ei evaluering av verdsarvordninga, og få ei oversikt over stoda i verdsarvlandbruket, er det utført ei brukarundersøking. Omlag 50 av tilskotsmottakarane har delteke i undersøkinga. Svare som er komme inn, har vore viktig bidrag til utforming av ny tiltaksplan. Undersøking er utført vinteren 2021/2022.

6.1 Eksisterande ordningar – del 1

Verdsarvstatusen

Brukarundersøkinga viser at verdsarvbøndene har god kunnskap om verdsarvstatusen. Å drive jordbruk i brattlendt terreng og med tungdrivne areal er krevjande og for mange er det vanskeleg å generere nok inntekt til at dei kan leve av gardsdrifta. Mange har fulltidsarbeid ved sidan av. Mange gjev uttrykk for at verdsarvstatusen gjev positive ringverknader for drifta av landbrukseigedomane. Men dei fleste meiner at det er naudsynt at satsane vert auka i framtida, slik at dei kan leve av jordbruket.

Sjølv om dei fleste vektlegg fordelane verdsarvstatusen har for gardsdrifta, med særskilt vekt på verdsarvmidlane, er det også fleire som peikar på utfordringar. Verneavgrensingar og restriksjonar legg føringar for utvikling og nye satsingar t.d. skogbruk, vasskraftutbygging og tilrettelegging for å utvikle opplevingsprodukt for turisme. Føringane kan gjere det vanskeleg å utnytte ressursane, særleg innan skogbruk (gjeld sør-området) fordi dei ikkje har rett på erstatning for dei tapte skogressursane.

Den store internasjonale merksemda som statusen har, fører og med seg eit auka trykk av turistar. Fleire peikar på at det også kan vere utfordrande å drive aktivt landbruk i område med så mykje turisme. Mykje gjester og auka trafikk frå bilar, båtar og fotturistar fører med seg ulemper som t.d. villcamping på gardstun og på innmark, forsøpling og slitasje på innmark, grinder og stiar. Grinder som blir ståande opne gir dyra fri utgang og fleire opplever frustrasjon og ekstra arbeid med dyr på rømmen. Trass utfordringane ser dei aller fleste bøndene turismen som noko positivt. Bøndene er stolte over å drive landbruk i eit så verdfullt kulturlandskap, og dei ser det som ei sær viktig oppgåve å halde i hevd totalopplevinga både for dei som besøker områda og for dei som bur, lever og driv gardane sine omkring UNESCO-fjordane.



Figur 25. Innsatsætra i Norddal. Foto: Merete Rønneberg.

Verdsarvmidlane

Bøndene vektlegg at tilskotsordninga for verdsarvmidlane er eit naudsynt gode. Dei ekstra midlane gjer det mogleg å halde fram med det tradisjonelle landbruket og halde kulturlandskapet i hevd via ulike prosjekt som t.d. skogrydding og beitebruk. Dei fleste gjev uttrykk for at dei føler at innsatsen deira vert verdsett og at dei kjenner seg privilegerte.

Sjølv om mange tykkjer dei har relativt god kontroll på dei ulike stønadsordningane gir mange likevel uttrykk for at ordningane er tidkrevjande og altfor byråkratiske i ein elles travel kvardag. Det kan kjennast forvirrande med alle dei ulike nye stønadsordningane, og søknadsskjema vert opplevde som lite oversiktlege og tungvinte. Fleire ynskjer ei tydelegare oversikt over kva midlar ein kan søkje og klarare retningsliner og kontroll over gjennomførte tiltak. Enkelte føler at dei kjem i skvis mellom dei offentlege etatane og at egne planar fort kan bli ofra i forhold til vernegrensa og offentlege tiltak.

Det er ulikt kor nøgde bøndene er med storleiken på beite- og arealbidraga. Nokre er relativt nøgde med dagens nivå medan andre meiner at satsane burde vore mykje høgare. Felles for dei fleste er at dei trekkjer fram at stønadsnivået ikkje har endra seg sidan midlane vart innførte og at det burde vore ei jamnare, årleg stigning i stønadsnivået. Mange trekkjer fram at skilnaden på beitebidraga, mellom småfe og storfe burde vore mindre då alle beitedyr er viktige for å halde kulturlandskapet i hevd.

Fleire meiner også at skilnaden mellom innmarksbeite og utmarksbeite burde vore tydelegare. Overvekta av bøndene meiner at arealbidraga burde aukast vesentleg og at areal med vanskeleg drift/tilkomst burde likestillast med arealbidrag basert på hellingsgrad slik at stønadsnivået speglar den reelle arbeidsinnsatsen. Nokre peikar også på at det burde vore strengare oppfølging av teigar som får tildelt dei høgste arealbidraga. Av informantane har 24 bønder svara at satsane burde vore (meir) like for bønder med driftssenter innanfor verdsarvområdet og dei som ligg i randsona. 13 bønder meiner at fordelinga burde vere slik den er i dag, medan 7 bønder ikkje har noko formeining. Mange meiner altså at summane bør vere like, uavhengig av plassering av driftssenteret. Dette gjeld begge delområda.



Figur 26. Melhus i Undredal. Foto: Magnhild Aspevik.

Vidare drift og utvikling av dei enkelte gardsbruka

Meirparten av bøndene meiner verdsarvmidlane er avgjerande for satsinga på den framtidige gardsdrifta. Midlane er med på å auke lønsemda på garden, dei gjev økonomisk tryggleik og medverkar til at dei kan halde fram den tradisjonelle drifta med stølsdrift og landbruk i særskildt i tungdrive terreng. Her er det viktig å merke seg at sjølv om bøndene med driftssenter i randsona ser tilskota som kjærkomne er dei ikkje tilstrekkelege til å sikre framtidig drift. Nesten alle bøndene svarar at dei er heilt avhengige av dugnadshjelp frå familie og vener for å klare drifta på garden. I tillegg nyttar nokre seg også av avløysar og anna innleigd arbeidskraft i periodar. Store deler av året må dei klare seg med eiga arbeidskraft noko som medfører svært travle dagar og lite fritid.

På spørsmål om planlagt overdraging stadfestar 9 av 42 informantar at det er planlagt ny eigar innan dei neste 5 åra. I Geirangerfjordområdet stadfestar 18 informantar at det ikkje er planlagt gardsoverdraging medan det i Nærøyfjordområdet er 10. Brukarundersøkinga syner med andre ord at det er større usikkerheit kring gardsoverdraging i Nærøyfjordområdet samanlikna med Geirangerfjordområdet.

Verdsarvmidlane har stor innverknad på om ny generasjon /ny brukar overtek gardsdrifta i framtida, seier mange. Nær alle bøndene har behov for å investere i driftsapparatet på

driftseininga i løpet av dei neste fem åra. Dei ulike tiltaka som er nemnde er mellom anna vatningsanlegg, slåmaskinar, traktorar og gjødselhandteringsutstyr, fôrblander, fornying av utslite utstyr, nye vasskjelder, sikringsutstyr mot flaumskadar, kjøp av leigejord, utstyr til beiterydding og renovering av stølshus, bustadhus og driftsbygningar.

Oppfatninga til informantane er at investeringane bør dekkast med 50-70% av kostnadane frå offentlege midlar.

Forvaltning

Bøndene melder at dei for det meste er nøgde med dialogen og oppfølginga med forvaltningsorgana innanfor verdsarven. Dialogen med kommune/ landbrukskontora er særst god, og dei opplever å få god hjelp og rettleiing. Dei har ikkje like stor grad av dialog med fylkeskommunen/statsforvaltaren etter at forvaltningsansvaret i 2020 vart overført til kommunane. Opplevinga er likevel at oppfølginga er tilfredsstillande. Dei opplever at dei blir lytta til, samstundes som det er registrert ein viss ambivalens fordi dei føler at dei ofte ikkje når fram med synspunkta sine.

Svært mange av bøndene gjev sterkt uttrykk for at dei tykkjer søknadsprosessane og skjema er for kompliserte. Mange etterspør løysningar i form av ei felles nettportal for relevante søknadar og samordna søknadsfristar med andre ordningar og aktørar i landbruket.



Figur 27. Flydal. Foto: Inge Bjørndal.

Nettverk, samarbeid og opplæring

Dei fleste bøndene ønskjer seg fleire møteplassar mellom bøndene i nord- og sør- områda der ein kan møtast andlet til andlet, utveksle erfaringar om drift og reiskapar og hente inspirasjon frå kvarandre. Føreslegne tiltak er t.d. mark dagar, demonstrasjon av spesialutstyr med særleg vekt på bratt og ulendt terreng, temamøte og kurs t.d. om handverkstradisjonar, beiterydding og skjøtsel, grønare landbruk, fornybar energi og berekraft, erfaringar og informasjon om «No-fence» (elektronisk gjerdessystem) og besøk på andre gardar. Mange foreslår også studieturar til Sveits og Austerrike samt til Geiranger, Undredal og Skjerdal. Utfordringa for bøndene er at dei har svært travle dagar og lita tid til andre aktivitetar. Det er difor viktig at møte blir lagt til tidspunkt og årstider der dette let seg gjere.

6.2 Forslag til nye tiltak i verdsarvområde – del 2

Dei nye føreslegne tiltaka tek utgangspunkt i analysar og vurderingar av korleis verdsarvordninga fungerer i dag, kva manglar som er i ordninga og korleis nye tiltak kan vere med på å løfte eit aktivt landbruk og busetting innanfor verdsarvområda.

Det er viktig å merke seg at det ikkje er tilstrekkeleg finansiering til desse tiltaka pr. i dag.

Vaktmeister for verdsarvområdet

Ein stor del av bøndene svarar at dei er positive til innføring av ei ordning med ein felles verdsarvvaktmeister. Dei fleste trekkjer fram at dei ser føre seg at ordninga kan gje etterlengta fagleg hjelp og bistand og avlastning med praktiske arbeidsoppgåver. Ein kan likevel lese ein viss grad av skepsis dersom ei slik ordning går på kostnad av andre stønadsordningar og fører til auka utgifter. Fleire vektlegg at ordninga også må omfatte bøndene i randsona.

Felles beitering

Overvekta av bøndene med beitedyr er positive til ei slik ordning og viser til behov for styrt beiting. Fleire trekk fram at det vil føre til for stor risiko for smitte og meiner at ei «No-fence» ordning ville vere ei betre løysning. Nokre bønder seier dei har prøvd liknande ordningar tidlegare med stort hell og nokre fortel at dei allereie vurderer å starte opp beitering-samarbeid.

Felles gjetarordning

Meirparten av bøndene svarer at dei er positive til innføring av ei felles gjetarordning fordi det er viktig med mykje og kvalifisert tilsyn av beitedyr og fordi dette vil vere gunstig for saueneringa. Samstundes er mange skeptiske til om ei slik ordning let seg gjennomføre i praksis. Ein føresetnad mange trekkjer fram er at det i så fall må vere mange gjetarar fordelt på ulike fjellområde.

Investeringsløft/auka ramme for økonomiske verkemiddel

Investeringsbidrag

Bøndene i randsona har ikkje moglegheit til å søkje slike tilskot. For bøndene innanfor verdsarvområda meiner fleirtalet at det er for økonomisk krevjande å søkje investeringsbidrag til oppgradering/ utvikling/ modernisering av driftsbygningane slik ordninga er i dag, med ein eigenandel på inntil 60% av kostnadene. Om investeringsbidraget vert heva vesentleg slik rapporten frå Agri Analyse legg opp til med ein eigenandel heilt ned på 25%, vert det straks meir interessant for svært mange av bøndene.

Miljøbidrag

Hovuddelen av bøndene er særst positive til innføringa av eit eige miljøbidrag kan stimulere til meir miljøvennleg drift av areala dei skjøttar. Fleire nemner at eit slikt tilskot som kan vere til hjelp for investeringar i meir miljøvennleg driftsapparat med utsleppsfrie maskiner, og at betre gjødselhandtering vil vere til stor hjelp med å innfri miljøkrav i framtida.

Bidrag til rydding og reetablering av attgrodd kulturlandskap

Beiterydding er krevjande arbeid som krev mykje både tid og økonomiske ressursar. Ei stor overvekt av informantane svarar at dei har behov for eit slikt bidrag. Om det skal vere interessant å rydde må tilskotet vere stort, dei fleste meiner det bør liggje på ein stad mellom 50-75% av kostnadene.



Figur 28. Innmarksbeite- før og etter påsett med kje. Foto: Inge Bjørdal.

Bidrag til spesialutstyr til slått og hausting av tungdrivne areal

Om lag 2/3 av bøndene seier at dei har behov for midlar til investeringar i spesialutstyr for bratte og tungdrivne areal i form av motorslåmaskinar, beitepussarar, ryddesager, venderiver og gjødslingsutstyr. Eit fleirtal meiner at tilskotet bør dekke 50-70% av kostnadene for slikt utstyr. Nokre seier også at det kunne vore interessant å leige utstyr om kostnadene ikkje er for store, men hovudvekta av bøndene meiner at leige av utstyr ikkje er aktuelt.



Figur 2829. Spesialutstyr til slått. Foto: Magnhild Aspevik

Rekrutteringsprosjekt / Reetableringsløft

Premiering for av sal landbrukseigedommar

Det er svært delte meiningar om innføringa av eit slikt tiltak. Mange er positive, men på vilkår. Det er m.a. mykje uro knytt til om ei slik løysing kan føre med seg negative konsekvensar ved at tilleggsjord som andre er avhengige av vert seld, og at ein ikkje skal klare å luke vekk useriøse spekulantar. På ei anna side er bøndene positive til at eigedommar som ikkje er i drift bør få nye eigarar, og at det er viktig å hjelpe dei som ynskjer å starte opp. Alle bøndene trekkjer fram at det er heilt avgjerande med ei forplikting til vidare aktiv drift og at det ligg seriøse driftsplanar til grunn om ordninga skal fungere. Det er også viktig at ordninga ikkje går på kostnad av landbruksmidlane.

Etableringsstipend for nye brukarar av landbrukseigedommar utan aktiv drift

Meirparten av bøndene meiner ei slik ordning vil stimulere til vidare drift og gjere drifta på tungdrivne gardar meir attraktiv. Også her er det skepsis knytt til den praktiske gjennomføringa av ordninga. Mange held fram at det må stillast strenge krav om aktiv drift til dei som får stipendet, at unge etablerarar bør prioriterast og at investorar burde haldast vekke. Dei held også fram at nye brukarar må forplikte seg til ei minste bindingstid for drift og at denne bør vere meir enn 5 år.

Rekrutteringsprosjekt for utleige av landbrukseigedommar

Det er sær delte meiningar om denne ordninga. Nokre meiner at ei slik løysing er viktig for rekrutteringa og potensielt har svært positive ringverknader. Andre meiner at ei utleigeløysing er for kortsiktig og at ein treng meir langsiktige løysingar for å oppretthalde eit berekraftig landbruk i verdsarvområda. Investering i landbruk og stell av kulturlandskap må sjåast på i langsiktig perspektiv, og fleire er urolege for at bruka fort kan forfalle frå leigetakar til leigetakar. Dei bøndene som er positive til utleigeløysinga framhevar at paktaren må få ha opsjon på vidare drift og at avtalar og utføring må vere veldig godt gjennomtenkte.



Figur 30. Ung brukar på Ljøen. Foto: Ole-Hjalmar Bondaksen

Kva meiner verdsarvbonden må til for å oppretthalde eit aktivt landbruk i verdsarvområda?

For å sikre eit aktivt landbruk i verdsarvområdet meiner informantane at god og sikker økonomi for framtida vert viktig. Vidareføring av tilskotsordningane vil vere avgjerande. Det vert òg lagt vekt på at landbrukspolitikken i Norge bør legge til rette for at det kan vere ei inntekt av å drive med matproduksjon og at lønsemda i landbruket må aukast. Det er også viktig å ta vare på den aktive bonden og kunnskap om landbruksdrift, og å styrke samhaldet mellom dei som driv landbruk i verdsarvområda.

7 Mål for landbruket i Vestnorsk Fjordlandskap

Føremålet med bruken av midlane er definert i eiga forskrift (Lovdata, 2020):

«§ 1 Formålet med tilskudd til tiltak i verdsarvområder er å styrke landbruket i verdsarvområdene. Målet om langsiktig drift og ivaretagelse av kulturlandskapsverdier knyttet til driften er sentralt for ordningen»

Gjennom innskrivingsteksten på UNESCO si verdsarvliste forpliktar nasjonalstaten Noreg seg til å ivareta dei unike universelle verdiane som ligg i tildelingsteksten. Det er eit stort ansvar som ligg på verdsarvkommunane om å forvalte dette ansvaret på vegne av staten, mellom anna i arbeidet som følgjer med tildelinga av verdsarvmidlane. Om vi ikkje klarar å halde i hevd det heilskaplege kulturlandskapet, står vi i fare for å misse den gjeve statusen som verdsarvområde.

Kulturlandskapet i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap er skapt av bøndene si utnytting av naturressursane gjennom generasjonar og med eit langt tidsperspektiv, og som dei i stor grad har foredla gjennom husdyrhald. Kulturlandskapet er noko langt meir enn eit ope landskap. Det gamle jordbrukslandskapet skal kunne opplevast gjennom alle sansane. Aktivt beite og stell av kulturlandskapet er naudsynt for å hindre attgroing og tap av viktige kulturminne. Det er berre aktive verdsarvbønder og beitedyra deira som kan skape og oppretthalde eit levande kulturlandskap.

Naturressursane i verdsarvområdet er lite eigna for moderne, volumbasert og kostnadseffektivt husdyrhald. For å ta vare på kulturlandskapet må vi difor etablere eit landbruk med ei anna overordna målsetting enn kostnadseffektiv produksjon av husdyrprodukt.

Kva må gjerast for å nå målsettinga for landbruket i verdsarvområde:

- Skjøtte jordbrukslandskapet med slått og beiting
- Vise eldre tradisjonelle driftsmetodar men også bruke moderne utstyr der dette let seg kombinere
- Ta vare på biologisk mangfald og kulturminne
- Oppretthalde eit småskala husdyrhald, som tek meir omsyn til miljøet
- Legge til rette for opplevingar, og utvikle gode reiselivsprodukt
- Tilby lokalt foredla matvarer og kortreist mat
- Skape grunnlag for heilårsbusetnad
- Ta vare på og formidle kunnskap om natur, kultur og driftsmåtar

7.1 Samarbeid og samhandlingsarena

I brukarundersøkinga kjem det fram at gardsbesøk og årlege samlingar er viktig for verdsarvbonden. Gardsbesøk er viktig for å halde god kontakt med forvaltninga og få god og rett rådgjeving på kvart einskilt gardsbruk. Det bør difor etablerast **faste fagsamlingar** og andre **møteplassar**. Dette vil styrke samhaldet, gi auka kompetanse og er viktig for at bonden skal kunne halde seg oppdatert på utviklinga i landbruksnæringa.

Ønska tiltak:

- Det skal årleg gjennomførast **gardsbesøk** på landbrukseigedommane som vert drivne innanfor verdsarvområdet. Besøket skal gjennomførast saman med grunneigar/drivar, representant frå kommunen, statsforvaltaren, verdensarvsekretariatet, og evt. andre relevante aktørar. Kommunen har ansvar for gjennomføring av gardsbesøket.
- Årleg **samling/markdag** for verdsarvbøndene med aktuelle fagtema. Kommunen er ansvarleg for gjennomføring av samlinga.
- Forvaltninga skal legge til rette for **studieturar**, dersom det kjem ønskje om dette.
- Legge til rette for tverrfaglege møteplassar mellom bønder og ulike forvaltningsorgan.

7.2 Skjøtselsplanar

Status - Sør-området

Nærøyfjordområdet har utarbeida planar for drift av dei fleste landbrukseigedommane som ligg i verdsarvområde. Det vil vere behov for revisjon av desse planane i nær framtid. Det er òg utarbeidd skjøtselsplanar for areal i verneområde. Dette gjeld for Fronnes, Stokko, Nedbergo, Stigen, Skogaen, Hjelmo, Nåli, Indre Frønningen og Holmo-Styvi. Dyrdal, som ligg utanfor verneområde og i verdsarvområdet, har utarbeidd skjøtselsplan.

Status - Nord-området

Det er utarbeidd skjøtselsplan for Møllstunet og kulturareala på Møll og Grande. I tillegg er det laga skjøtselsplanar for Knivsflå, Holebakk og Skageflå.

Revisjon og utarbeiding av nye skjøtselsplanar

Det er behov for utarbeiding og revisjon av skjøtselsplanar, spesielt i nord-område er det mangelfullt. Korleis arbeid med skjøtselsplanane skal finansierast lyt det også takast stilling til. Dersom verdsarvmidlane til landbruket skal nyttast, må fylgjande omsyn vere med i vurderinga:

- Kva oppnår ein av med omsyn til *føremålet* med verdsarvmidlane?
- Skal dette prioriterast framfor bruk av midlane til andre føremål (drift og investering)?
- Er skjøtselsplanar noko grunneigarane ønskjer?
- Kan det tenkjast at forvaltninga som skal ta meir overordna omsyn enn den einskilde bonden kan ha grunnar for å innføre krav om skjøtselsplanar?
- Kan det vere behov for å differensiere kravet om skjøtselsplanar, dvs. at ein vel ut og prioriterer område der slike planar er spesielt viktig?
- Areal som ligg i verneområda, må skjøtselsplanar utarbeidast i samarbeid med verneområdeforvaltninga.

Slik tiltaksplanen no er utforma, er det ikkje prioritert å bruke verdsarvmidlar til finansiering av utarbeiding av skjøtselsplanar. Dette lyt då finansierast av andre løyvingar.

8. Økonomiske konsekvensar av eksisterande og nye tiltak

8.1 Agri Analyse-rapporten

I 2019 vart det etter initiativ frå dåverande leiar i verneområdestyre i Geiranger-Herdalen, Arne Sandnes, utarbeidd ein rapport frå Agri Analyse. Rapporten hadde til føremål å vurdere korleis kulturlandskapsbidraget (verdsarvmidlane) innført i 2007 har fungert. Rapporten kjem med framlegg til nye konkrete tiltak som kan styrke landbruket og kulturlandskapet i verdsarvområdet ytterlegare. Rapporten er avgrensa til Geirangerfjordområdet, men innhaldet kan også overførast til delområdet Nærøyfjorden.

Kulturlandskapsbidraget som vart innført i 2008 er kanalisert gjennom fire ordningar: (1) arealbidrag, (2) beitebidrag, (3) kulturbidrag og (4) investeringsbidrag. Det er sidan verdsarvordninga vart innført, løyvd midlar til ordninga frå Landbrukets utviklingsfond (LUF) og frå Klima- og miljødepartementet.

For delområde Geirangerfjorden var budsjettamma på 3,95 millionar kroner i 2019. Agri Analyse-rapporten konkluderte med at summen er betydeleg lågare enn det berekna behovet på om lag 8 millionar kroner i rapporten frå Verdsarvrådet i 2007. Rapporten konkluderer med at sjølv om den ekstra støtta er kjærkomen, er den framleis lågare enn behovet. Samstundes er tiltaka og utbetalingane målretta, og har tydelege likskap med sveitsisk jordbrukspolitik. Dei er i hovudsak retta inn mot å halde areal i hevd, skjømte kulturlandskap, ta vare på kulturminne og fremje biologisk mangfald.

8.1.2 Hovudmoment

Det mest sentrale momentet i rapporten frå Agri Analyse er eit framlegg om å styrke det marginale jordbruket etter modell frå sveitsisk jordbrukspolitik. Modellen vektlegg eit sterkare fokus på det multifunksjonelle jordbruket med vekt på **fellesgode**, dvs. det å halde jordbruksarealet i hevd ved styrking/stimulering av tiltak innan kulturlandskap og biologisk mangfald. Ordninga vil ha som føresetnad at fellesgodeproduksjon får ein meir sentral plass i det norske tilskotssystemet enn det som ligg i ordninga i dag. Hovudmomenta i dette forslaget er at det å drive gard på ein særskild berekraftig måte skal vere likestilt med matproduksjon basert på volum. Modellen frå Sveits er godt tilpassa den type landbruk som krevst av bøndene i eit tungdrive og utfordrande landskap som verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap har, m.a. fordi:

- a) Fellesgodeproduksjon bør få ein meir sentral plass i arbeidet
- b) Styrking av satsane på areal- og beitebidraga, med prioriteringar av fellesgodeproduksjon er naudsynt

Rapporten konkluderer med ei tilråding om å halde på differensieringa mellom bøndene innanfor Verdsarvområda og buffersonene, men har ei vurdering av konsekvensar av innføring av like satsar, sjå lenger framme i dokumentet.

8.1.3 Framlegg til framtidige verkemiddel

Agri Analyse kjem også med ein rekkje nye framlegg til konkrete tiltak for å stimulere reetablering og busetting på landbrukseigedommar som ikkje er i aktiv drift innanfor verdsarvområda. Desse tiltaka er meint å løyse utfordringane med nedlegging av aktive driftssenter grunna fråflytting og manglande skjøtsel av kulturlandskapet gjennom beiting og slått. Rapporten gjer framlegg om ein tiltakspakke delt mellom langsiktige tiltak og strakstiltak.

8.1.4 Langsiktig ordning

1. Beitebidraget vert utvida gjennom etablering av felles gjetarordning for å redusere tap av dyr (særleg jerv). Tiltaket er tenkt som ei spesifisert gjetarordning med betalt gjetar for å redusere tap av dyr til rovdyr, sjukdom og skade på utmarksbeite. Ordninga er tenkt finansiert gjennom ei ny ordning av eksterne midlar.
2. Beitebidraget vert utvida med etablering av felles beitering Tiltaket har som føremål å styrke beiting i verdsarvområdet ved utviding av beitebidraget. Det skal skje ved innføring av ekstra tiltak i form av eit system med beitering, innretta for målretta og auka beiting i sesongen i område som gror att. Tiltaket femner også husdyrbønder med driftssenter innanfor verdsarvområdet og husdyrbønder med driftssenter i randsonene (Agri- Analyse, inspirasjon fra Sveits for økt aktivitet, ss. 35-36)
3. Framlegg om eit nytt Miljøbidrag som skal kompensere for svært miljøvennleg bruk av areal og gardsdrift. Miljøbidraget er eit forslag til ei ny ordning som vil inngå i det allereie eksisterande kulturlandskapsbidraget. Hensikten er å vri drifta ytterlegare for å sikre miljøkvalitetane i verdsarvområda. Tilskotet skal dekke miljøretta driftssystem på heile eller delar av garden. Bidraga gjeld for eigedommar med driftssenter innanfor verdsarvsona. Bidraget er tenkt utbetalt på areal som ei ekstra godtgjersle på toppen av dei andre bidraga/tilskota. Føremålet er å gjere det økonomisk interessant å ha eit særskilt driftssystem der omsynet til miljøet er viktigare for drifta enn volumproduksjon. Her må det utarbeidast spesifikke vilkår, med krav frå skjøtelsplan til kvar enkelt gard eller for området.

Døme på tiltak:

- Drift utan kjemisk plantevern og mineralgjødsling
- Ekstensiv drift av eng og beite
- Tradisjonell drift, t.d. styving/lauving, hesjing, drift tilpassa biologisk mangfald, bruk av gamle husdyrrasar og seterdrift

Det må utarbeidast nye vilkår med krav til skjøtelsplanar for kvar enkelt gard eller delområde.

8.1.5 Investering og reetableringsløft

I tillegg til ordningane retta direkte mot drifta, foreslår Agri Analyse ei ytterlegare styrking av jordbruket i området gjennom tre strakstiltak. Strakstiltaka er retta mot å skape optimisme for jordbruket i verdsarvområdet og bidra til modernisering av driftsapparatet. Blant dei tre strakstiltaka vert det vurdert som viktigast å auke investeringar på gardsbruka og å modernisere driftsbygningar slik at dei speglar dagens krav til dyrevelferd og arbeidsmiljø for bonden.

Strakstiltak i 3 delar (tidsavgrensa):

1. Investeringsbidrag på inntil 75%. Forslaget går ut på at det vert innvilga investeringstilskot på opptil 75 prosent ved oppgradering av driftsbygningar. Sjølv om det allereie er et investeringsbidrag i den eksisterande tiltakspakken, er dette vurdert som for svakt til større oppgraderingar av driftsapparatet og bygningsmasse. Dagens eigenandel er på inntil 40% av kostnadane. Investeringsbidraget gjeld i hovudsak driftsbygningar dvs. både modernisering av eksisterande bygg og investering i nye bygg. (Smedshaug, et al., 2019, ss. 29-30)

Agri Analyse foreslår ein kraftig auke i tilskotssatsane for investeringstiltak i driftsbygningar. Det må stillast krav for å få tilsegn på midlane, m.a. at brukaren må oppfylle tiltaka i skjøtelsesplanar og forpliktar til å ha drift med dyr i minimum 10 år. I avtaleperioden vil det vere avgrensingar på mogelegheita for inntekt frå sal av eigdommen.

2. Tre-delt reetableringsløft. Det andre strakstiltaket er eit reetableringsløft, for auka aktivitet og etablering av nye driftssenter innanfor området. Det blir vurdert som svært sårbart med så få aktive driftssenter. For å stimulere til reetablering av jordbruksaktivitet inne i verdsarvområdet er det føreslått eit tredelt tiltak:
 - a) Premiering av sal av landbrukseigedommar som ikkje har aktiv drift. Prøveordning skal vare i ein tidsavgrensa periode. Forslaget inneber eit tilskott på 0,5 millionar til grunneigar som sel landbrukseigedom utan aktiv drift til kjøpar som forpliktar seg til å etablere eit aktivt driftssenter.
 - b) Etableringsstipend for nye brukarar: Framlegget har som føremål å redusere den økonomiske risikoen for bønder som ynskjer å starte opp drift av areal i verdsarvområdet som har gått ut av drift. Stønaden kan omfatte nyetablering av driftsapparatet og den fyrste jordomarbeidinga. Det kan også løyvast midlar til maskinar, driftsbygningar og planlegging. Agri Analyse gjer framlegg om at det bør gjevast bistand til delingssaker i samband med etableringa og hjelp til utarbeiding av gunstige leigekontraktar. For å unngå misbruk av ordninga må det stillast krav om bindingstid for drift, t.d. 5 år.
 - c) Rekrutteringsopplegg for å få inn nye brukarar i samarbeid med grunneigaren. Forslaget går ut på å stimulere unge brukarar til dømes studentar på landbruksskular til å overta drifta av gardsbruk som ikkje har aktiv drift innanfor i verdsarvområdet i ein tidsavgrensa periode. Den nye brukaren skriv ei kortsiktig leigeavtale med grunneigar for drift og skjøtsel av landbrukseigedommar og mottek ei kompensasjonslønn for arbeidet gjennom ein ny post av verdsarvmidlane.
3. Det tredje strakstiltaket er tidsavgrensa utlysingar for å rydde og reetablere viktige og spesifiserte kulturlandskapsområde som er gjengrodde. Når strakstiltaket med rydding er gjennomført, må det følgjast opp ved at områda blir skjøtta som beiteområde og slåttemark. Dersom *det* ikkje skjer vil det vere lite tenleg å bruke ressursar på eit slikt tiltak.

8.2 Telemarksforsking

I 2019 tinga fylkesmannen i Møre og Romsdal og fylkesmannen i Sogn og Fjordane ei evaluering av verdsarvsatsinga Vestnorsk Fjordlandskap. Rapporten vart utarbeidd på oppmoding frå Verdsarvrådet Vestnorsk Fjordlandskap, og baserte seg i hovudsak på intervju med sentrale aktørar knytt til ordninga. I tillegg tok rapporten utgangspunkt i forvaltningsplanar og tiltaksplanar for verdsarvområda og nytta informasjon frå eksisterande evalueringar og utgreiingar knytt til verdsarvområda (Brandzæg, 2020).

Rapporten «Telemarksforsking, Evaluering av verdsarvsatsinga Vestnorsk Fjordlandskap (2019)» støttar opp om framlegga til Agri Analyse og tilrådde prioritering av fellesgode, 3-delt strakstiltak, beitering og felles gjetarordning. Rapporten tilrår også innføring av eit nytt miljøbidrag som skal sjåast i samanheng med skjøtelsplanane for kvart enkelt bruk og område. Det vert også lagt vekt på at framlegget frå Agri Analyse om at eksisterande skjøtelsplanar må oppdaterast og at det må utarbeidast nye der det ikkje finst frå før.

Rapporten frå Telemarksforsking legg særleg stor vekt på kor viktig det er å styrke tilskota for investering i driftsbygningar. Det vert rådd til at dagens differensiering mellom dei innanfor og dei utanfor sona vert oppretthalde. I tillegg til framlegga frå Agri Analyse har denne rapporten eit forslag om å støtte innkjøp til spesialutstyr til slått og skjøtsel i tungdrivne område. (Brandzæg, 2020)



Figur 31. Vesterås. Foto; Merete Rønneberg.

8.3 Konklusjon - gjennomføring og økonomisk grunnlag

Agri Analyse-rapporten konkluderer med at det samla økonomisk behovet for styrking og utviding av dei føreslegne langtids- og strakstiltaka under føresetnad av ein årleg auke på 5,3 millionar kroner. Det er viktig å vere klar over at det i dag ikkje er finansiering til å setje i verk framlegga frå Agri Analyse og rapporten frå Telemarksforskning. For at nokre av dei føreslegne tiltaka skal kunne gjennomførast er det naudsynt at det vert løyvd eit langt større økonomisk bidrag til verdsarvområdet enn det som ligg i ordninga i dag. For å nå desse måla er ein avhengig av at dei fleire departement enn i dag prioriterer å gi eit kraftig løft til finansieringa av verdsarvsatsinga.

8.4 Nye økonomiske verkemiddel

8.4.1 Satsar for dyr og areal

I samband med brukarundersøkinga hjå verdsarvbøndene i Vestnorsk Fjordlandskap kjem det fram at dei årlege satsane for drift bør aukast. Satsane har vore uendra sidan ordninga starta (2008), med unntak av ein auke i satsane i 2021 (ca. 5%).

Inntil totalramma for verdsarvmidlar frå nasjonale mynde vert auka, er det eit dilemma at auka støtte til årleg drift føre til lågare ramme for investeringstiltak. Arbeidsgruppa gjer likevel framlegg om ein auke i satsane for årleg drift.

Nye satsar gjeldande frå 2022 går fram i tabellen under. Satsane er her auka 15% i høve 2021-nivået. Føremålet med tilskotsordninga er at tiltak som kan støttast, skal styrke landbruket i verdsarvområdet gjennom langsiktig drift, og ivaretaking av kulturlandskapsverdiar. Difor er det avgjerande og svært viktig med årleg støtte til beitedyr og til skjøtsel av areal. Føremålet med midlane er dessutan å styrke landbruket innanfor verdsarvområdet, og ikkje utanfor. Likevel vert det lagt opp til å gi støtte til beitedyr frå randområda som beitar i utmark innanfor verdsarvområdet fordi auka beitetrykk er eitt av dei mest effektive verkemidla vi har for vedlikehald av kulturlandskapet. Satsen for desse beitedyra vert òg auka med 15% samanlikna med 2021.

Dyr som beitar i utmark innanfor verdsarvområdet, men som ikkje tilhøyrrer gardbrukarane i verdsarvområdet eller i randområda, har ikkje rett på verdsarvmidlar. Det er difor sett krav om at tilskott til dyr berre kan gjevast til bruk med driftssenter i verdsarvkommunane (Stranda, Fjord, Vik, Voss, Aurland og Lærdal). Det vert med andre ord ikkje gjeve verdsarvmidlar til dyr som vert frakta inn frå andre en desse kommunane.

Tabell 6: Nye støttesatsar til beitedyr og skjøtsel av areal gjeldande frå 2022.

| Type tilskot | 2008-2020 | 2021 | 2022 - |
|-----------------------------------|-----------|-------|--------|
| Arealtilskot | | | |
| Areal med halling \geq 1:3 (K3) | 2 000 | 2 100 | 2 415 |
| Areal med halling 1:3 – 1:5 (K2) | 800 | 840 | 970 |
| Areal med halling \leq 1:5 (K1) | 400 | 420 | 480 |
| Innmarksbeite (K9) | 240 | 250 | 280 |

Støtte til innmarksbeite er i den nye tiltaksplanen ikkje delt opp i ulike kategoriar fordi omfanget av desse underkategoriane av tilskotet har vore marginalt

| Beitetilskot | 2008-2020 | 2021 | 2022 - |
|-------------------------------|-----------|-------|--------|
| Landbrukseigedommar innanfor: | | | |
| Sau/lam og geit/kje | 300 | 315 | 365 |
| Storfe og hest | 1 800 | 1 900 | 2 185 |
| Landbrukseigedommar utanfor: | | | |
| Sau/lam og geit/kje | 100 | 105 | 135 |
| Storfe og hest | 600 | 630 | 720 |



Figur 32. Gardbrukar ser til dyra sine på Kiliseætra i Eidsdal. Foto; Merete Rønneberg

8.4.2 Investeringar og prioritering mellom tiltak

I brukarundersøkinga kjem det òg fram at det er stort behov for ganske omfattande investeringar av ulikt slag. For å imøtekome innmeldt investeringsbehov, er det trong for vesentleg auke i tilgjengeleg ramme for midlane. Det er hittil ikkje gjev signal om dette, trass i at behovet er meldt inn i den fyrste tiltaksplanen. Totalramma for 2022 er på om lag same nivå som tidlegare. Difor er det inntil vidare naudsynt å prioritere mellom investeringstiltaka, sjå tabell 7.

Når det gjeld prioritering mellom årleg drift og investeringar kan det argumenterast for at auka tilskot til drift vil sikre drift på kort/mellomlang sikt, medan auka tilskot til investeringar - særleg driftsbygningar - truleg vil ha større effekt på lang sikt. Men dette har ikkje arbeidsgruppa empirisk grunnlag for, og har dermed gjort ei vurdering basert på skjønns av korleis balansen mellom desse to hovudgruppene av tilskot bør vere under gjeldande tilskotsregime.

Ein hovudkonklusjon er difor at investeringsmidlane skal berre nyttast til tiltak innanfor verdsarvområdet. Støtte til årleg stell og beite av areal, skal prioriterast framfor investeringar så lenge totalrammene for midlane ikkje vert auka.

Tabell 7: Prioritering av investeringsverkemiddel.

| | Type investering i prioritert rekkefølge | Sats | Merknad |
|---|---|------------|---|
| 1 | Driftsbygningar - investeringsbidrag | Inntil 50% | Max 50% i offentlege midlar |
| 2 | Spesialutstyr til slått og hausting av tungdrive areal | Inntil 40% | Tilskott skal betalast attende dersom utstyret vert seld før 5 år etter utbetaling av tilskot |
| 3 | Arealtiltak, som til dømes: <ul style="list-style-type: none">• rydding av skog til beite• reetablering av kulturlandskap• drenering• nydyrking• flaumsikring | Inntil 70% | Max 70% i offentlig støtte |
| 4 | Andre investeringar som fremjar føremålet med ordninga | Inntil 40% | |

9. Framtida til verdsarvlandbruket - budsjett

I arbeidet med verdsarvlandbruket, og landbruket generelt på Vestlandet, ser arbeidsgruppa at bruksstrukturen her med små eigedommar, brattlendte areal og dårleg arrondering og stor teigblanding gjer det svært utfordrande å skape inntektsgrunnlag for desse bruka berre ved bruk av verkemidla i den nasjonale landbrukspolitikken som er tilpassa større og meir rasjonelle bruk. Det er likevel ein del verkemiddel til disposisjon for dei som ynskjer å drive landbruk på dei små og tungdrivne eigedommane.

For verdsarvlandbruket, som har internasjonal verdi, har det sidan 2008 vore løyvd ekstra midlar til drift. Det har og dei siste åra vore midlar til noko investering. For å ta vare på og

vidareutvikla landbruket i verdsarvområde, er det avgjerande med auka løyvingar i åra framover. Det må bli jamn auking i løyvingane til årleg drift, og det er store behov for investeringar som må delfinansierast med offentlege midlar.

Det er eit mål å ta vare på og vidareutvikle landbruket i verdsarvområde, og det må setjast av midlar nasjonalt for å nå dette målet. Mange gode framlegg til verkemiddel for å nå målet, kjem fram i rapportane utarbeidde av Agri Analyse og Telemarksforsking. I brukarundersøkinga kjem det òg fram store behov og forventingar til auka løyvingar for dei som driv aktivt landbruk i verdsarvområde, og for dei som skal overta bruka etter kvart. **Det er difor umåteleg viktig at det i åra framover vert auka løyvingar til landbruket i Vestnorsk Fjordlandskap.**

I tabellen under er trong for økonomiske verkemiddel i åra framover synleggjort. Her er det viktig å merke seg at der må vesentleg auke i midlane dersom det skal gjevast likt tilskot til alle beitedyr som er på beite innanfor verdsarvområdet. Investeringsbidraga må også aukast vesentleg. Det må òg leggjast inn auka ramme for årleg drift i åra framover dersom ein skal fylgje løns- og kostnadsutviklinga generelt i samfunnet.

Gjennomføring av nye tiltak er sett opp med ei årleg ramme på ca. 10 millionar for begge delområda, Geirangerfjord og Nærøyfjord. Om finansiering av desse tiltaka kjem på plass, må det utarbeidast reglar og retningslinjer for bruk og prioritering av tiltak.

Slik som finansiering av verdsarvordninga er i dag, utan auka ramme for midlar, bør prioritering av bruken av midlane skje i fylgjande rekkefølge:


1. Årleg drift (slått og beiting), med jamn stiging av tilskotet
2. Investeringar i driftsapparatet i tråd med gjeldande reglar
3. Nye tiltak i tråd med forslaga frå Agri Analyse og Telemarksforsking
4. Lik sats for alle beitedyr (dette krev regelendring)

Tabell 8. Budsjett 2022 - 2026

| Kval/år | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|------------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Årleg skjøtsel | 5,7 | 5,7 | 5,8 | 5,8 | 6,0 |
| Investeringar i driftsapparatet | 5,0 | 5,0 | 5,5 | 6,0 | 6,0 |
| Lik sats for beitedyr utanfor | 2,7 | 2,7 | 2,8 | 2,8 | 3,0 |
| Nye tiltak i tråd med Agri Analyse | 10,0 | 10,0 | 10,0 | 11,0 | 11,0 |
| Sum | 20,7 | 20,7 | 21,3 | 22,8 | 22,0 |

Sluttkommentar – forvaltning av ordninga

Kommunane er i dag ansvarleg for forvaltning av midlar til verdsarvlandbruket. For å sikre at kommunane har kompetanse og kapasitet til å forvalte ordninga, må det settast av **øyremerka midlar** til arbeidet. For å ta vare på og vidareutvikle landbruket i verdsarvområdet, er det avgjerande med ei forvaltning som har god kompetanse og kapasitet. Forvaltninga må jobbe tett opp mot dei aktive bøndene og andre forvaltningsorgan for å oppnå målsettinga med verdsarvlandbruket.



Figur 32. Undredal. Foto; Magnhild Aspevik

Bibliografi

(u.d.). Henta 2021

- Beyer, I., & Jordal, J. B. (1995). *Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal, tilleggsregistreringar 1995*. Miljøvernavdelinga. Molde: Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Henta 2 25, 2022 frå chrome-extension://efaidnbmnnnibpcajpcglclefindmkaj/viewer.html?pdfurl=http%3A%2F%2Fwww.jbjordal.no%2Fpublikasjoner%2F25_Beyer%26JordalNasjReg_1995.PDF&clen=5476635&chunk=true
- Brandzæg, B. A. (2020). *Evaluering av verdsarvsatsinga Vestnorsk fjordlandskap*. Bø: Telemarksforskning .
- Frøysa, P. K. (2007). *Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap og Vegaøyan. Del 1: Vestnorsk Fjordlandskap*. Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Molde/Norddal: Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap. Henta 02 26, 2022 frå <https://distriktssenteret.no/prosjektdatabase/verdsarvprosjekt-rundt-geirangerfjorden/>
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. (2008). *Forvaltningsplan Vestnorsk Fjordlandskap, delområde Geirangerfjorden*.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. (2008). *Forvaltningsplan Vestnorsk fjordlandskap, Delområde Nærøyfjorden*.
- Hval, J. N., & Nordskog, K. (2010). *Evaluering av verdensarvsatsingen over LUF*. Norsk institutt for Statens landbruksøkonomisk forskning (NILF).
- Klima- og miljødepartementet. (2015, 1 1). *Lovdata*. Henta frå Forskrift om tilskudd til tiltak for truede naturtyper: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2014-11-25-1537>
- Landbruks- og matdepartementet. (2004, 02 04). *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket*. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-02-04-448?q=spesielle%20milj%C3%B8tiltak>
- Landbruks- og matdepartementet, Klima- og miljødepartementet. (2019, 12 18). *Lovdata*. Henta frå Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-12-18-2024?q=Verdensarv>

- landbruksforvaltning, S. (2010). *Utredninger til jordbruksavtalepartene. Statens landbruksforvaltnings utredninger og vurderinger i tilknytning til jordbruksoppgjøret*. Statens landbruksforvaltning.
- Lovdata. (2014). *Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2014-12-19-1817>
- Lovdata. (2020). *Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap*. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/forskrift/2019-12-18-2024>
- (2021). *Reglar for tildeling av tilskot til tiltak i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap - Nærøyfjorden 2021-2024*. Aurland kommune.
- Smedshaug, C. A., Eldby, H., Eide, Hillestad, M., Tufte, T., & Thuen, A. E. (2019, August 17). *Vestnorsk fjordlandskap – Inspirasjon fra Sveits for økt aktivitet*. Henta 03 22, 2022 frå Agri Analyse: <https://www.agrianalyse.no/publikasjoner/vestnorsk-fjordlandskap-inspirasjon-fra-sveits-for-okt-aktivitet-article1053-856.html>
- (2010). *Statens landbruksforvaltnings utredninger og vurderinger i tilknytning til jordbruksoppgjøret*. landbruksforvaltning., Statens.
- Thorvaldsen, P. (2008). *Kulturlandskapet på hyllegarden Skageflå i Geiranger i Stranda kommune. Del 1. Skjøtselsplan for tidlegare innmarksareal*. Bioforsk.
- (2020). *Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområder: Overføring av oppgaver til kommunene i 2020*. Landbruksdirektoratet.
- Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap. (2007). *Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap og Vegaøyen*. Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap.
- Viak, A. (2007). *Stedsanalyse Geiranger november 2007*. Oslo: Asplan Viak AS.
- Beyer, I., & Jordal, J. B. (1995). *Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal, tilleggsregistreringar 1995*. Miljøvernavdelinga. Molde: Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Henta 2 25, 2022 frå chrome-extension://efaidnbmnnnibpcajpcglclefindmkaj/viewer.html?pdfurl=http%3A%2F%2Fwww.jbjordal.no%2Fpublikasjoner%2F25_Beyer%26JordalNasjReg_1995.PDF&clen=5476635&chunk=true
- Brandzæg, B. A. (2020). *Evaluering av verdsarvsatsinga Vestnorsk fjordlandskap*. Bø: Telemarksforskning .

Frøysa, P. K. (2007). *Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap og Vegaøyan. Del 1: Vestnorsk Fjordlandskap*. Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Molde/Norddal: Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap. Henta 02 26, 2022 frå <https://distriktssenteret.no/prosjektdatabase/verdsarvprosjekt-rundt-geirangerfjorden/>

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. (2008). *Forvaltningsplan Vestnorsk Fjordlandskap, delområde Geirangerfjorden*.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. (2008). *Forvaltningsplan Vestnorsk fjordlandskap, Delområde Nærøyfjorden*.

Hval, J. N., & Nordskog, K. (2010). *Evaluering av verdensarvsatsingen over LUF*. Norsk institutt for Statens landbruksøkonomisk forskning (NILF).

Klima- og miljødepartementet. (2015, 1 1). *Lovdata*. Henta frå Forskrift om tilskudd til tiltak for truede naturtyper: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2014-11-25-1537>

Landbruks- og matdepartementet. (2004, 02 04). *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket*. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-02-04-448?q=spesielle%20milj%C3%B8tiltak>

Landbruks- og matdepartementet, Klima- og miljødepartementet. (2019, 12 18). *Lovdata*. Henta frå Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-12-18-2024?q=Verdensarv>

landbruksforvaltning, S. (2010). *Utredninger til jordbruksavtalepartene. Statens landbruksforvaltnings utredninger og vurderinger i tilknytning til jordbruksoppjøret*. Statens landbruksforvaltning.

Lovdata. (2014). *Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2014-12-19-1817>

Lovdata. (2020). *Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap*. Henta frå Lovdata: <https://lovdata.no/forskrift/2019-12-18-2024>

(2021). *Reglar for tildeling av tilskot til tiltak i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap - Nærøyfjorden 2021-2024*. Aurland kommune.

Smedshaug, C. A., Eldby, H., Eide, Hillestad, M., Tufte, T., & Thuen, A. E. (2019, August 17). *Vestnorsk fjordlandskap – Inspirasjon fra Sveits for økt aktivitet*. Henta 03 22, 2022 frå Agri Analyse:

<https://www.agrianalyse.no/publikasjoner/vestnorsk-fjordlandskap-inspirasjon-fra-sveits-for-okt-aktivitet-article1053-856.html>

(2010). *Statens landbruksforvaltnings utredninger og vurderinger i tilknytning til jordbruksoppjøret*. Landbruksforvaltning., Statens.

Thorvaldsen, P. (2008). *Kulturlandskapet på hyllegarden Skageflå i Geiranger i Stranda kommune. Del 1. Skjøtselsplan for tidlegare innmarksareal*. Bioforsk.

(2020). *Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområder: Overføring av oppgaver til kommunene i 2020*. Landbruksdirektoratet.

Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap. (2007). *Tiltaksplan for kulturlandskapet i verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap og Vegaøyen*. Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap.

Viak, A. (2007). *Stedsanalyse Geiranger november 2007*. Oslo: Asplan Viak AS.



**Vestnorsk
fjordlandskap**



Dei sameinte nasjonane
sin organisasjon for
utdanning, vitskap og kultur



Vestnorsk
fjordlandskap